



ÅMLI KOMMUNE
- BYGDA FOR ALLE



Årsrapport 2021 - Årsmelding og rekneskap

Vedtatt av kommunestyret 09.05.2022, sakene 22/20 og 22/21

Foto: Jens Magne Føreland

INNHOLD:

Årsmelding for 2021.....	5
<i>Innleiding</i>	5
ØKONOMISK RESULTAT.....	5
<i>Kommunen som verksemد</i>	7
ÅRSVERK PR. 31.12.2021	7
ALDERSSAMANSETNING PR. 31.12.2021:	7
NÆRVÆR/OPPFØLGING AV SJUKEFRÅVÆR	7
OPPLÆRING HMSK OG AVVIKSHANDTERING (QM+):.....	7
LÆRLINGER:	7
SOMMARJOBB FOR SKULEUNGDOM:.....	8
INTERNKONTROLL.....	8
TILSYN FRÅ EKSTERNE AKTØRAR	8
TILSYN FRÅ ÅMLI KOMMUNE	8
BEREDSKAP	8
INFORMASJONSSIKKERHET	9
LIKESTILLING.....	10
HEIDER TIL KOMMUNALT TILSETTE	10
ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ	10
<i>Folkevalde</i>	11
POLITISK ORGANISERING	11
MØTEAKTIVITET I DEI FASTE POLITISKE ORGANA	12
ØKONOMISK RESULTAT	12
VEDTAK FATTAT I KOMMUNESTYRET 2020, MED STATUS UNDER BEHANDLING (UB).....	13
STAUS PÅ VEDTAK FATTAT I KOMMUNESTYRET 2021.....	13
TILTAKSOVERSIKT MED STATUS	16
<i>Administrativ stab og støtte.....</i>	18
ORGANISERING	18
OVERORDNA MÅL	18
FOKUSOMRÅDE	18
ØKONOMI.....	18
<i>Samfunn</i>	19
ORGANISERING	19
REINHALD	19
TEKNISK FAGOMRÅDE.....	19
KOMMUNALE BYGGEPROSJEKT.....	19
PLAN- OG BYGGESAK.....	20
KART OG OPPMÅLING.....	20
KULTUR.....	21

BYGDEBOK	21
ÅMLI BIBLIOTEK	21
ØKONOMI.....	21
Oppvekst.....	22
BARNEHAGE.....	22
SKULEN.....	22
FLYKTNINGTENESTA.....	24
VAKSENOPPLÆRING.....	24
PROSJEKT	24
ØKONOMI.....	25
Habilitering og ressurs	26
ORGANISERING	26
TENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA (Timmerodden Bufellesskap).....	26
PSYKISK HELSETENESTE/RUS.....	26
ÅMLI SOM EIN AV-OG-TIL KOMMUNE	27
DAGSENTER.....	27
ÅMLI FRIVILLIGSENTRAL.....	28
ØKONOMI.....	28
Helse og omsorg.....	29
ORGANISERING	29
HELESTASJONEN.....	29
LEGEKONTOR.....	29
FYSIOTERAPEUT.....	30
ERGOTERAPI.....	30
FRISKLIVSENTRAL.....	30
INSTITUSJON - ÅPOS	30
SKJERMA AVDELING.....	30
LANGTIDSAVDELING.....	31
KJØKKEN / VASKERI /REINHOLD	31
HEIMESJUKEPLEIE	31
HEIMHJELP – PRAKTIK BISTAND	32
AMBULERANDE VAKTMESTER	32
AKTIVITETSTILBOD TIL DEMENTE	32
SYN OG HØRSELSKONTAKT	32
ØKONOMI.....	32
Næring og utvikling	33
JORDBRUK.....	33
SKOGBRUK	33
VILTFORVALTNING	33
NÆRING	33
ØKONOMI.....	34
Rekneskap for 2021	35

<i>Hovedoversiktar.....</i>	35
BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT A.....	35
BEVILGNINGSOVERSIKT DRIFT B.....	36
BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING A.....	37
BEVILGNINGSOVERSIKT INVESTERING B.....	37
ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT.....	39
<i>Balanse.....</i>	40
<i>Nøkkeltall</i>	41
NETTO DRIFTSRESULTAT I % AV BRUTTO DRIFTSINNTEKTER – KOMMUNEN TOTALT.....	41
BRUTTO DRIFTSINNTEKTER OG GJELD	41
GJELDSGRAD = NETTO GJELD/BRUTTO DRIFTSINNTEKTER	42
«NETTO DISPOSISJONSFOND» = DISPOSISJONSFOND – PREMIEAVVIK.....	42
<i>Noter.....</i>	43
NOTE 1 – ENDRING I ARBEIDSKAPITAL	43
NOTE 2 - PENSJONSKOSTNADER	44
NOTE 3 – OPPGÅVE OVER ÅMLI KOMMUNE SINE GARANTIFORPLIKTELSTAR 31.12.....	45
NOTE 4 - AKSJAR OG ANDELAR I SELSKAP	46
NOTE 5 – PENSJON 2020	46
NOTE 6 – SAMLET ETTERKALKYE SELVKOST 2021	47
NOTE 8 – FOND 31.12.....	49
NOTE 9 – LÅNEGJELD	49
NOTE 10 – VARIGE DRIFTSMIDLER SPESIFISERT PÅ ANTALL AVSKRIVINGSÅR.....	49
NOTE 11 – BEREKNING AV MINIMUMSAVDRAG	50
NOTE 12 – UTLÅN	50
NOTE 13 – ENDRING REGNSKAPSPRINSIPP BELASTET LIKVIDITETSRESERVE	50
NOTE 14 – INNSKOT – PLASSERINGAR – GJELDSPORTEFØLJE.....	51
NOTE 15 – GODTGJERSLE REVISOR	51
NOTE 16 – YTELSER TIL LEDENDE PERSONER	52
NOTE 17 – OVERSIKT OVER SAMLET BUDSJETTAVVIK OG ÅRSAVSLUTNINGSDISPOSISJONER	52
NOTE 18 – BESKRIVELSE AV REGNSKAPS PRINSIPPER	53

Årsmelding for 2021

Innleiing

Kommunedirektøren i Åmli kommune legg med dette fram årsrapport med rekneskap og årsmelding for 2021 som eit samla dokument.

Dokumentet skal ivaretake dei krav kommunelova set i høve til rapporteringa til kommunestyre. Rapporten skal gi opplysningar om forhold som er viktige for å vurdere kommunen sin økonomiske stilling og resultat.

Årsrekneskapen skal omfatte alle økonomiske midlar som vert disponert, og bruk av midlane.

Kommunestyret skal sjølv vedta årsrekneskapen etter tilråding frå formannskapet.

Det er krav i kommunelova § 14-7 om rapportering av forhold av vesentlig verdi for kommunen, omtale av tiltak for å sikre høg etisk standard – og arbeid for å fremje miljø og likestilling på alle område i kommunen.

Slik kommunedirektøren ser det vert desse lovkrava ivareteke i dette felles dokumentet.

ØKONOMISK RESULTAT

Rekneskapen for 2021 er avslutta i tråd med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar m.v. gjeldande frå 01.01.20.

Driftsrekneskapen

Netto driftsresultat skal i utgangspunktet vise forskjellen mellom kommunen sine inntekter og utgifter gjennom året i motsetnad til rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk (botnlinja) som måler økonomisk avvik sett i høve til eit budsjett i balanse.

Rekneskapsført netto driftsresultat for rekneskapsåret 2021 er positivt og utgjer kr 16,045 mill. Netto driftsresultat i 2020 var kr 14,868 mill.

Netto driftsresultat utgjer 6,87 % av brutto driftsinntekter i 2021. I 2020 utgjorde netto driftsresultat 6,7 % av brutto driftsinntekter.

Kommunaldepartementet sine føringar er at måltalet minst skal utgjer 1,75 % av sum driftsinntekter.

Dersom driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk etter at disposisjonane i rekneskapsforskrifta § 4-1 er gjennomført, skal mindreforbruket i tråd med rekneskapsforskrifta § 4-3 reduserast så mykje som mogleg ved å stryke bruk av disposisjonsfond.

Dersom rekneskapen fortsatt viser eit mindreforbruk etter strykningane, skal mindreforbruket dekke inn eventuelle tidlegare års meirforbruk. Eit mindreforbruk som ikkje dekker inn eit meirforbruk, som er tilfellet for Åmli, skal avsettast til disposisjonsfond.

Det er i 2021 gjort stryking i bruk av disposisjonsfond på kr 4,852 mill.

Kommunen har netto sett av kr 15,1 mill. til disposisjonsfond, medan det vart budsjettert med netto bruk på 1,6 mill. Det er avsett kr 10,464 mill. meir til disposisjonsfond enn budsjettert.

Etter avsetninger til disposisjonsfond leggast rekneskapen fram med eit resultat i kr 0,- sett i forhold til budsjett.

Endring i kommunen sin økonomiske handlefridom må vurderast mot endring i disposisjonsfond under eigenkapitalen i balansen, alternativt netto bruk/avsetning til disposisjonsfond i driftsrekneskapen.

Tenesteområda har samla sett eit mindreforbruk i høve til revidert budsjett på kr 12,5 mill. jfr. Bevilgningsoversikt drift B.

Dette syner god budsjettdisiplin og god økonomisk kontroll totalt sett for kommunen. Likevel er det grunn til å understreke at rekneskapsåret 2021, på same måten som rekneskapsåret 2020, langt frå har vore eit «normalår» og ein kan ikkje forvente ein slik økonomiske situasjonen frametter. Dette skuldast den pågående pandemien og dei økonomiske konsekvensane som følgje av den sett i forhold til situasjonen i kommunen.

Hovudforklaringane til resultatet skuldast følgjande mindreutgifter/meirinntekter sett i forhold til budsjett;

Skatt kr 3,8 mill., pensjon kr 5,3 mill., netto av sjukepengar mot vikarbruk kr 1,5 mill. og rammetilskot kr 0,9 mill.

Kommunane fekk også i 2021 tilført store bevillingar frå staten til å dekke meirkostnader kring handtering av covid-19 pandemien.

Åmli kommune har, i likehet med andre kommunar, hatt mykje arbeid kring pandemien.

Totalt sett har ikkje pandemien vore ein økonomisk belastning for kommunen.

Investeringsrekneskaperen

Investeringsrekneskaperen er gjort opp i balanse mellom utgifter og inntekter.

Av totalt finansieringsbehov på kr 18,168 mill. er kr 6,680 mill. finansiert med bruk av lån.

Investeringsprosjekta kan gå over meir enn eit rekneskapsår og det kan difor vere til dels store avvik mellom budsjett og rekneskap. I all hovudsak er prosjekta gjennomført i.h.h.t vedteke budsjetttrammer og investeringsrekneskaperen leggast fram i balanse.

Nærare om kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12

Fond

For å ivaretake ein viss økonomisk handlefridom, bør kommunen ha frie driftsfond av ein viss størrelse for å kunne møte endra føresetnader kring drifta. Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk frå tidlegare år bør og takast med i vurderinga av frie fond pr. 31.12.

Frie fond knytt til drift pr. 1. januar 2021 utgjorde kr 50,69 mill. (disposisjonsfond + akkumulert mindreforbruk, medan tilsvarande saldo pr. 31.desember 2021 er positiv med kr 62,645 mill. Dei frie midla til kommunen er dermed styrka med kr 12 mill. frå 2020 til 2021.

Ved utgangen av 2021 utgjer netto balanseført premieavvik kr 17,3 mill. (kr 11,67 mill. i 2020)

Akkumulert premieavvik i balansen skal utgiftsførast i kommunen sitt driftsrekneskap over eit visst tidsintervall alt avhengig av når tid premieavviket oppstod. Amortiseringstida for premieavviket har blitt redusert frå opprinnelig 15 år til 7 år. Dette fører til at tilbakeføring av akkumulert premieavvik vil skje over kortare tid, og med høgare beløp pr. år. Konsekvensen er auka årleg belastning i kommunen sin driftsrekneskap dei komande åra.

Når kommunen ikkje har sett av midlar til fond for å dekke denne plikta i rekneskaperen, må disposisjonsfonda korrigeraast for netto balanseført premieavvik for å kunne synleggjere kommunen sin faktiske økonomiske handlefridom. Resultatet vert då at kommunen sine frie fond utgjer kr 45,345 mill. ved utgangen av 2021. Korrigert for premieavviket utgjorde dei frie fonda kr 39 mill. i 2020. Kommunen sin handlefridom har dermed auka med kr 6,345 mill. frå 2020 til 2021.

Gjeld

Ved utgangen av 2021 var kommunen si netto lånegjeld minus ubrukte lånemidler knytt til investeringar, kr 161,3 mill. mot kr 164,1 mill. i 2020. Ubrukte lånemidlar auka frå kr 12,489 mill. til kr 19,069 mill.

Grunna bemanningssituasjonen og pandemien har framdrifta på investeringsprosjekta gått seinare enn planlagt. Åmli kommune må framleis bruke ein forholdsvis stor del av driftsinntektene til å dekke renter og avdrag i åra som kjem når planlagde investeringar er gjennomført.

Gjeldsgraden til kommunen målast med forholdstalet mellom netto lånegjeld og driftsinntektene til kommunen.

Driftsinntektene var kr 233 mill. i 2021. Dette gir ein gjeldsgrad på 69 % mot ein gjeldsgrad på 73,9 % i 2020.

Likviditet

Kommunelova krev at kommunane skal ha midlar nok til å dekke sine betalingsplikter ved forfall.

Likviditet vert målt ved å sjå på forholdet mellom balanseførte verdiar for omløpsmidlar (kortsiktige fordringar, omløpsaksjar, samt kasse og bankkonti) og kortsiktig gjeld. Basert på kommunens balanseførte verdiar pr. 31.12.21 utgjer forholdstalet 3,25 (3,26 i 2020).

Anbefalt forholdstal er 1.

I kommunen sin bankbeholdning finst midlar som er tilført gjennom låneopptak til investeringsformål. Slike ubrukte lånemidlar bør ikkje telle som driftslikviditet. For å få eit meir korrekt bilet, bør ein justere kontantbeholdninga for desse ubrukte låne-midla.

Basert på justerte verdiar endrast forholdstalet til 2,7 i 2021 mot 2,8 i 2020.

Ein kan, ut frå totalbilete, konkludere med at kommunen sin økonomiske situasjon er god - og er styrka sett i forhold til 2020.

Kommunen som verksemد

ÅRSVERK PR. 31.12.2021

Eining	Kvinner	Menn	Sum årsverk
Administrativ stab og støtte	5,3	2,7	8
Oppvekst	51,7	11,8	63,5
Helse og omsorg	52,9	3,6	56,5
Habilitering og ressurs	19,4	3,0	22,4
Samfunn	7,3	9,8	17,1
Næring og utvikling	1	2	3
Sum årsverk	126,1	30,6	170,5

Årsverk og fordeling på kvinner og menn er henta ut frå kommunen sine lønsdata. Tala vil ikkje vere 100% riktig då både ein fast tilsett som har gått på sjukeløn/løna permisjon og vikar kan vere med i berekningsgrunnlaget. Sentrale personalregister, som til dømes PAI-registeret til Kommunenes Sentralforbund, vil innehalde dei same små feilmarginane. Tala er basert på faste og midlertidige stillinger som inngår i normal drift.

Kommunen har også bytta blant anna løns- og rapporteringsløysinger frå 2020 og rapportane kan avvike frå tidlegare år. Alt tydar på at rapportane er meir korrekte no i dei nye systema.

ALDERSSAMANSETNING PR. 31.12.2021:

Eining	Under 20 år	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	Sum tilsette
Administrativ stab og støtte	0	0	0	5	2	2	9
Oppvekst	4	21	23	24	22	7	101
Helse- og omsorg	3	19	26	25	19	5	97
Habilitering og ressurs	0	12	7	13	3	3	38
Samfunn	0	4	1	12	10	6	33
Næring og utvikling	0	0	1	3	1	1	7
SUM	7	56	68	82	57	24	294

Hovudtyngda tilsette ligg i aldersgruppa 30-59 år. I tabellen over er også midlertidige tilsette tatt med, av de dei inngår i tenesteproduksjonen.

NÆRVÆR/OPPFØLGING AV SJUKEFRÅVÆR

År	Kvinner	Menn	Totalt
2012	8,79	3,67	7,49
2013	10,21	2,24	8,85
2014	10,34	6,21	9,37
2015	12,61	3,41	10,44
2016	8,36	5,92	7,80
2017	7,59	4,57	6,92
2018	10,58	3,70	9,05
2019	8,86	5,87	8,22
2020	11,30	4,12	9,76
2021	13,88	5,75	12,21

Det er sterkt fokus på å ha tett oppfølging på arbeidsplassen i høve til tilsette som står i fare for å gå ut i sjukmelding og tilsette som er sjukmelde. Fråveret har auka i 2021 og det skyldast i stor grad at Covid-19 pandemien har ført til eit auka korttidsfravær og at tilsette skal vere heime ved luftvegsymptomar.

OPPLÆRING HMSK OG AVVIKSHANDTERING (QM+):

Dette er viktige tiltak for å sikre gode rutinar og arbeidstilhøve for tilsette. Sjå eige punkt om Internkontroll for nærmere kommentarar.

LÆRLINGAR:

Kommunen har i 2021 hatt 6 lærlingar. Fem i barne- og ungdomsarbeidar-faget og ein helsefagarbeider-faget.

Dei sentrale partar i arbeidslivet, både offentleg og privat sektor, har utarbeida ein samfunnskontrakt der det ligg ei målsetting om at kommunane aukar antal lærlingar mot måltal om å ha tri lærlingar pr. 1.000 innbyggjarar.

Denne føringa ligg og i intensjonsavtalen med fylkeskommunen frå 2019.

Utfordringa er at det ikkje er nok læreplassar å tilby elevane etter fullført VG2. Eit lærlingløp går over 4 år (2 år i skule og 2 år i lærebodrift).

Fylkeskommunen må opprette eigne VG3-klassar for dei som har krav og ikkje får læreplass. Det er ei därleg løysing då det ikkje er tvil om at lærlingar som går eit 4-årig løp får ei betre kvalitet på utdanninga enn dei elevane som bare går eit 3-årig løp før oppmelding til fagprøve.

SOMMARJOBB FOR SKULEUNGDOM:

Åmli kommune har i mange år hatt eit tilbod om sommarjobb for skuleungdom som bur i kommunen. Tilboden går ut til alle 17-åringer og dei kan velje om dei vil ha to veker sommarjobb i kommunen eller i privat bedrift. I 2021 var det 17 ungdomar som nyttet tilboden. 14 i kommunen og 3 i private verksemder.

INTERNKONTROLL

KS har definert "Rådmannens internkontroll – orden i eget hus" med følgjande hensikt og mål for internkontroll:

- Kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen
- Heilhetleg styring og riktig utvikling
- Godt omdømme og legitimitet
- Etterleving av lov og regelverk

Kommunedirektøren har kontinuerleg fokus på arbeidet med å forbetre system for styring av verksamda og internkontroll både når det gjelder tenestekvalitet og HMS. Kommunedirektøren har ansvar for at vedteke styringsdokument blir fulgt opp i organisasjonen, og at kommunen leverer tenester av riktig kvalitet til brukarar og innbyggjarar. Etter kommunelova skal kommunedirektøren syte for at administrasjonen drivast i samsvar med lovar, forskrifter og overordna instruksar, og er gjenstand for tryggjande kontroll. Kommunedirektørens interne kontroll skjer i forlenginga av kommunestyrets tilsyn (kontrollutval og revisjon) og statens tilsyn med kommunane, jf. 5.4.2.

Einingsleiarar har ansvar for å etablere, og følje opp, den interne kontrollen i samsvar med delegerte fullmakter.

Det er i tillegg fastsatt særskilde internkontrollkrav innan ei rekke område av kommunens verksamd.

TILSYN FRÅ EKSTERNE AKTØRAR

I tillegg til rådmannens egen internkontroll, er det fleire eksterne aktørar som fører tilsyn med kommunen.

I 2021 har kommunen hatt følgjande tilsyn:

Kven	Type tilsyn
Statsforvalteren	Tilsyn på skolen etter Opplæringsloven Tilsyn §§ 9 A-3, 9 A-8 og 9 A-9
Mattilsynet	Digitalt tilsyn med drikkevassbasseng
Arbeidstilsynet	Tilsyn med heimebaserte tenester - etterfølgjing av krava i arbeidsmiljø regelverket.
Østre Agder Brannvesen	Branntilsyn Åmli pleie- og sjukeheim Branntilsyn Åmli skule
Agder Energi	Ingen

TILSYN FRÅ ÅMLI KOMMUNE

Kommunal barnehagemyndighet har gjennomført eit skriftleg tilsyn i alle barnehagane etter Barnehagelovas §4 Foreldreråd og samarbeidsutval, § 8: Krav til vedtekter og §20: Foreldrebetaling.

BEREDSKAP

Den overordna Beredskapsplanen blei revidert og vedteke av kommunestyret i november 2021 og reviderast fortløpende ved administrative endringar og etter øvelsar/hendingar.

Organisasjonsavdelinga fra 01.10.2021, ved beredskapskoordinator, har oppfølgingsansvaret med kommunens arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap. Kommunedirektøren er kommunens beredskapsansvarlege og er leiar av communal kriseleiing.

Den einskilde einingsleiar har delegert ansvar for beredskap for eigne tenesteområder.

Krisehandtering skjer etter følgjande fire hovedprinsipp:

ANSVAR - Den myndigkeit med det daglige ansvaret, har ansvar og i ei krise

LIKHET - Organiseringa i krise skal vere mest mogleg lik dagleg organisering

NÄRHET - Ei krise skal handteras på lågast mogleg nivå

SAMVIRKE - Alle verksamder har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering

Krisehandtering er summen av tiltak som settast i verk for å avgrense ei skade og bringe krisa til opphør.

Opplæring

Det er gitt opplæring i:

- Loggføring og situasjonsrapportskriving i DSB sitt CIM (elektronisk krisestøtteverktøy) med Cim-loggføringsteam.
- Bruk av innbyggjarvarsling «Varsling24».
- Elektronisk innreiseregistrering
- Kommunikasjonsstrategi og planar for koronavaksinasjon FHI.
- Psykososialt kriseteam og kommunal beredskap
- Ledergruppa opplæring i kommunal beredskap
- Samordningsmøte testing og attestering av reisande ut av Noreg.

Øvingar

- Smitteutbrot tabletop med krieseleinga.
- Smittesporing table top med smittesporingsteamet.
- Nokre av einingane har gjennomført brannøvingar og nokre har gjennomført førstehjelpskurs / øvingar.
- Øvelse nødnettoppkalling fra Statsforvaltaren.

Hendelser i 2021 – beredskapsaktivitet

- Beredskapskoordinator er medlem av beredskapsforum Østre Agder som har 4 møtar i året.(Alle beredskapskoordinatorene fra Østre Agder møter). Nokre møte har vore på teams og eit møte har vore fysisk i 2021.
- Årsmøte interkommunalt utval mot akutt forureining.
- covid-19 har vore ei langvarig hending pandemi som har ført med seg mykje arbeid i kommunen med oppfølging av retningsliner og krav til kommunen fra nasjonale myndigheter. Desse har vore endra ei rekke gonger i løpet av året.
- Krieseleinga har hatt møte ved behov.
- Beredskapsråd vart avholdt 21.juni med ØABV, politikontakt, ordfører, kommunedirektør, beredskapskoordinator, kommuneoverlege, leder psykososialt kriseteam, Norsk folkehjelp Åmli lag, bygdekvinnelaget
- Ressursgruppe smittevern har hatt møte ved jamne mellomrom ved behov.
- Statusrapportering på heilskap situasjonen i kommunen til Statsforvaltaren ei gong i veka.
- Deltaking i Statsforvaltarens tverrsektorielle statusmøte for kommunane i Agder

- Eigenberedskapsveka vart markert med utstilling på Rådhuset.
- Digitalt kontaktmøte vedr storulykkes bedrifter på Agder.
- Strategikonferanse sammenfallande hendingar beredskap ved Statsforvaltaren.
- Utarbeiding av Koronavaksinasjonsplan.
- Møter med Agder Energi, ØABV og Politikontakt i forbindelse med revisjon av heilhetleg risiko- og sårbarhets analyse samfunnstryggleik og beredskap.
- Møte med Agder Energi om sårbare adressar og kritiske punkt.
- Siste fredag i hver måned ladast satellittelefonane, nødnettradioane og sikringsradioen

INFORMASJONSSIKKERHEIT

Sikkerheitsansvarlege i kommunane er i eit fagleg nettverk kalla sikkerheitsforum / samarbeidsforum for informasjonsikkerheit og personvern i IKT Agder kommunane. Dei har hatt alle møta i 2021 på Teams. Sikkerheitsforum driv kontinuerleg med følgjande aktivitetar:

- Erfaringsdeling og kompetanseheving
- Felles arbeid/råd/tips om korleis gjennomføre og implementere endringar i eigen organisasjon
- Monitorering av endringar i lovverk, rammevilkår og vedtak frå Datatilsynet
- Felles handtering/samlande vurderingar av større avvik
- Førebyggande arbeid i pågående prosesser
- Fortøpande oppdateringar frå IKT-Agder/KS/NSM ift. Cybersikkerhet og trusselbilde.
- Svare ut bestillingar frå rådmannsutvalet
- Overlevere samlande og kvalitetssikra råd og anbefalingar til rådmannsutvalet.

Det aller viktigaste for tilsette er å være bevisste på kva personopplysningar er, kva for personopplysningar du behandler, og kva for system du gjer det i.

LIKESTILLING

I Åmli har hovedfokus for likestillingsarbeidet i 2021 vore:

- Reduksjon av sjukefråvær, som er størst i kvinnedominerte yrker.
- Kommunen arbeider målretta for å redusere talet på deltidsstillingar og auke størrelsen på stillingar og utjamne lønsforskjellar.

I kommunen si leiargruppe er det 3 kvinner og 5 menn pr. 31.12.2021.

Andel tilsette heiltid (100% stilling) pr 31.12.21:

Eining	2018	2019	2020	2021
Organisasjon	60%	67%	60%	
Oppvekst	58%	56,61%	59,37%	
Helse- og omsorg	29%	27,18%	28,3%	
Habilitering og ressurs	46%	37,03%	50%	
Samfunn	58%	65,38%	71,42%	
Næring og utvikling				

Tabellen syner at det særleg er Helse og velferd som har få tilsette i 100% stilling. Andelen som arbeidar heiltid har størst auka i eininga Habilitering og ressurs.

Utfordringa også på landsplan er at det er særleg innan pleie- og omsorgssektoren det er mange deltidstilsette.

HEIDER TIL KOMMUNALT TILSETTE

25 år teneste: Anne Britt Setane, Geir Tellev Homme og Tellev Tveit.

40 års teneste: Karstein Vaule.

På grunn av Covid-19 pandemien måtte markeringa av årets jubilantar utsettast.

ARBEIDSMILJØ OG YTRE MILJØ

Åmli kommune arbeider systematisk og breitt for å sikre eit godt arbeidsmiljø.

I det systematiske arbeidet med å sikre eit godt arbeidsmiljø ligg kontinuerleg registrering og oppfølging av sjukefråvær, vernerundar, medarbeidarsamtalar, arbeidsplassvurdering, avviksrapportering og medarbeidarundersøking.

I 2021 vart det innført ei prøveordning med lokale HMS og kvalitetsutval (HMSK - utval) i alle einingane / på alle tenestestadane. HMSK-utvala er samansett av leiar, tillitsvalde og verneombod i avdelinga / tenested og har fokus på sakar som rører seg i arbeidsmiljø, forebyggande sjukefråvær, innkomne avvik og kvalitetsmeldingar, vernerundar og dei utformar tiltak til det beste for arbeidsmiljøet.

Det vart gjennomført ei elektronisk vernerunde i heile kommunen via QM+ der alle tilsette fekk anledning til å svare. Resultata vart gjennomgått i HMSK-utvala. Elles vart det gjennomført vernerundar etter plan i einingane i 2021.

Åmli kommune har eit eige Arbeidsmiljøutval, AMU, med representantar frå arbeidsgjevar og tillitsvalte. Arbeidsgjevar ved organisasjonssjefen har vore leiar av utvalet i 2021.

I høve til det ytre miljø er det fokus på å sikre god kvalitet på alle vasskjelder og anna arbeid for å hindre forureining.

Folkevalde

POLITISK ORGANISERING

Prinsippet i organiseringa er at alle ikkje lovbestemte utval vert nedlagt og at sakene går direkte frå administrasjonen til kommunestyret. Unntak for dette er saker som gjennom lov-/avtalebestemte skal gå via utval før behandling i kommunestyret. Det vil gjelde økonomisaker i formannskapet, arbeidsgjevarsaker i administrasjonsutvalet og plansaker i planutvalet. Saker i alle dei andre lovbestemte utvala stopper normalt i utvalet etter særlov.

Organiseringa bygger på at formannskapet sine medlem er klageutval, planutval, valstyre og arbeidsgjevarsida i administrasjonsutvalet

Organ	Lovpålagte oppgåver
Kommunestyre (kommuneloven § 5-1)	Kommunestyre er kommunens øverste kommunale organ og treffer vedtak på vegne av kommunen så langt ikke annet følger av lov eller delegasjonsvedtak.
Formannskap (kommuneloven § 5-6)	Formannskapet har lovstående oppgaver etter kommuneloven, deriblant oppgaven som økonomiutvalg. Utover dette treffer formannskapet vedtak i saker som kommunestyre har delegert til formannskapet.
Kommunalt klageorgan (forvaltningsloven §28)	Utvalget er personidentisk med formannskapet. Utvalget behandler klager på enkeltvedtak som er fattet i kommunale organer, der ikke særlover konkret angir en annen saksbehandling. Forvaltningslovens regler er gjeldende for utvalget.
Planutvalg (kommuneloven § 5-7)	Planutvalget er ett fast utvalg oppnevnt i kommunelovens §10. Utvalget er personidentisk med formannskapet.
Administrasjonsutvalg (kommuneloven § 5-11)	Kommunens partssammensatte utvalg for behandling av saker som gjelder forhold mellom kommunen som arbeidsgiver og de ansatte.
Arbeidsmiljøutvalg (arbeidsmiljøloven §7-1)	Arbeidsmiljøloven § 7.
Forhandlingsutvalg	Forhandlingsutvalget er ett politisk sammensatt utvalg med tre medlemmer. Utvalget skal gjennomføre lønnsforhandlinger etter hovedtariffavtalen der slik myndighet ikke er delegert til kommunedirektøren. I samsvar med kap. 3 i Hovedtariff-avtalen har forhandlingsutvalget myndighet til å forhandle og inngå bindende protokoll ved lokale lønnsforhandlinger for rådmannen og enhetsledere.
Kontrollutvalg (kommuneloven § 23-1)	Organet skal føre tilsyn med kommunens forvaltning. Utvalget velges av kommunestyret.
Rådet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne (kommuneloven § 5-12)	Åmli kommune har gjort vedtak om å slå sammen eldrerådet og rådet for funksjonshemma. Rådet skal gi uttalelser i alle saker som kommunen arbeider med som er av betydning for disse gruppene. Utvalget velges av kommunestyret.
Ungdomsråd (kommuneloven § 5-12)	Ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal ha en valgperiode på inntil to år. Medlemmene skal på valgtidspunktet ikke ha fylt 19 år. Utvalget velges av kommunestyret
Valgstyre (valgløven §4-1)	Valgstyret blir valgt av kommunestyre
Forliksråd (domstolloven §27)	Kommunen velger ett forliksråd på 3 medlemmer med varamedlemmer.
Sakkyndig nemnd - eiendomsskatt (eiendomsskatteloven § 8A-3)	Nemnda skal taksere eiendommene i kommunen.
Sakkyndig ankenemnd – eiendomsskatt	Nemnda skal behandle klager på takseringen som ikke blir tatt til følge av sakkyndig nemnd.

MØTEAKTIVITET I DEI FASTE POLITISKE ORGANNA

År	2018		2019		2020		2021	
	Utval	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte
Kommunestyret	10	143	11*	142	9	101	11	76
Formannskapet	9	74	9	60	9	64	9	64
Planutvalet	8	31	8	67	9	27	9	30
Klageutvalet	1	2	0	0	2	3	3	4
Valstyret	0	0	2	7	0	0	2	8
Administrasjonsutvalet	9	34	4	22	8	12	9	13
Arbeidsmiljøutvalet	6	22	5	15	6	14	8	20
Kontrollutvalet	5	36	4	34	4	38	4	34
Ungdomsrådet	5	16	2	8	7	15	4	18
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	9	34	4	20	5	26	9	31

* inkludert orienteringsmøte budsjett



Kommunestyret 2019-2023

Frå venstre:

Viggo Hansen (KrF), Sveinung Seljås (KrF), Ole Kristian Nylund (SP), Liv Mona Føreland (SP), Tellef Olstad (SP), Olav Eppeland Føreland (SP), Jørund Smeland (SP), Geir Håland Moe (SP), Rakel Birkeli Søraker (SP), Bjørn Gunnar Baas (SP), Hans Fredrik Tangen (H), John Lien (AP), Anja Mogensen Mølmen (SP), Aslak Askland (H), Hilde Hansen Smeland (AP), Reidar Saga (AP), Kari-Anne Håland Moe (AP).

Foto: Tvedestrandsposten

ØKONOMISK RESULTAT

Driftsbudsjettet for 2021 for kommunestyre, formannskap m.m., andre utval, ungdomsråd, kontrollutval og lokal partistøtte blei vedteke med ei ramme på totalt kr 2 239 461,-.

Regneskapstal for 2021 syner eit mindreforbruk på kr 312 634,- totalt for desse tenestene.

VEDTAK FATTA I KOMMUNESTYRET 2020, MED STATUS UNDER BEHANDLING (UB)

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg avdeling	Status	UB	AV
20/25	14.05.2020	Utdeling av differensiering av gebyrer for vann og avløp - Åmli kommune.	SAMF		x	
20/26	14.05.2020	Bevilgning til reguleringsplanarbeid for forlenging av turveg med sykkelstandard mellom Krossbekk og Seljås	SAMF			x
20/36	18.06.2020	Utvidelse av boligmasse i tilknytning til tjenester for utviklingshemma - Bevilgning og oppstart	SAMF		x	
20/47	24.09.2020	Plan for friluftslivets ferdsselsårer - samarbeid mellom Åmli og Froland kommune	NU		x	
20/70	12.11.2020	Revisjon av kommunedirektørens lederavtale	KD			x
20/84	17.12.2020	Rehabilitering av golv i Åmlihallen	SAMF		x	
20/85	17.12.2020	Dølemo oppvekstsenter - Asfaltering av vei og parkeringsplass 2021	SAMF		x	
20/86	17.12.2020	Heis badebasseng Åmli skole 2021	SAMF			x
20/87	17.12.2020	Opprusting av uteområdene på Mosberg og Beverborga Barnehage 2021	SAMF		x	
20/88	17.12.2020	Prosjektering VA-ledningsnett; Tilstandsvurdering og prioritering av rehabiliteringstiltak	SAMF		x	
20/89	17.12.2020	Ny forbehandling av råvann ved Nelaug vannverk	SAMF		x	
20/90	17.12.2020	Ny redskapsbod på toppen 2021	SAMF		x	
20/91	17.12.2020	Garasje/carport inkludert avfallsbod til Omsorgsboliger i Åhuskleiva 2021	SAMF		x	
20/92	17.12.2020	Nytt låsesystem på ÅPOS	SAMF		x	
20/93	17.12.2020	Oppgradering av maskiner og utstyr på teknisk drift 2021	SAMF		x	
20/97	17.12.2020	Samlesak på omdisponering av personell i Åmli kommune fra 2021	STAB			x

STAUS PÅ VEDTAK FATTA I KOMMUNESTYRET 2021

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
21/1	28.01.2021	Val av felles forliksråd – 3. gangs behandling	STAB		x
21/2	18.02.2021	Salg av næringstørt på Hegna til Multicom Eiendom AS og Tt Bygg Agder AS	NU		x
21/3	18.02.2021	Trafikksikringsplan for Åmli kommune 2020-2023-Til behandling i kommunestyret	SAMF		x
21/4	18.02.2021	Rekruttere av og godtgjøring til helsepersonell som er fast tilsett i pleie og omsorg	HO		x
21/5	18.02.2021	Åmli kommune - høringsuttale til Strategiplan 2021 - 2024 for Sørlandets Sykehus HF	HO		x
21/6	18.02.2021	Revisjon av retningslinjer for Åmli ungdomsråd	OPPV		x
21/7	18.02.2021	Lovlighetskontroll av vedtatte vedtekter for SFO	KD		x
21/8	18.02.2021	Ny selskapsavtale - Aust-Agder Revisjon IKS	KD		x
21/9	18.02.2021	Valgkrets i Åmli kommune	STAB		x
21/10	18.03.2021	Godkjenning av reviderte vedtekter Telemarksvegen	NU	x	
21/11	18.03.2021	Tilbakemelding på tilbud om overføring av eiendommen 39/54 fra fylket til Åmli kommune.	NU		x
21/12	18.03.2021	Forslag til retningslinjer for tildeling av kulturminnepris for Åmli kommune med førstegangsutdeling i 2021	STAB		x
21/13	18.03.2021	Evaluering av trepartssamarbeidet	KD		x
21/14	22.04.2021	Tilleggsbevilgning til ny Pu bolig	SAMF	x	
21/15	22.04.2021	Utskifting av kommunale biler til elektrisk drevene biler	SAMF		x
21/16	22.04.2021	Vidare drift av kiosken i badeparken	NU	x	

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
21/17	22.04.2021	Oppmoding frå styret i IATA IKS til Åmli kommune om å overta fakturering av renovasjon for private abonnementar	STAB		x
21/18	22.04.2021	Søknad om fritak for eiendomsskatt for gnr 62 bnr 6, Mjåvasstøy i Åmli	STAB		x
21/19	22.04.2021	Godkjenning av økonomireglement, jfr. kommunelova § 14-2 bokstav d	STAB		x
21/20	22.04.2021	Intensjonsavtale om sammenslåing (fusjon) av selskapene Agder Energi og Glitre Energi	KD		x
21/21	20.05.2021	Høringsinnsplitt fra Åmli kommune til tannhelsestrategi 2021 -24	KD		x
21/22	20.05.2021	Økt behov for legeressurs ved Åmli legekontor	HO		x
21/23	20.05.2021	Godkjenning av rekneskapen for Åmli kommune 2020	STAB		x
21/24	20.05.2021	Godkjenning av Åmli kommune sin årsmelding 2020	STAB		x
21/25	17.06.2021	Ønske fra ungdomsrådet om flytting av styrkerom tilbake til gamle Åmli vgs og tilskudd til oppgradering av utstyr	OPPV		x
21/26	17.06.2021	Valg av ungdomsråd 2021-2023	OPPV		x
21/27	17.06.2021	Budsjettpregulering 1. tertial 2021	STAB		x
21/28	17.06.2021	Kontrollutvalgets sak 12/21- Årsmelding 2020 Åmli kontrollutvalg	STAB		X
21/29	17.06.2021	Bobilparkering i Åmli sentrum	SAMF		x
21/30	17.06.2021	Tilstandsrapport Åmli skule 2020	OPPV		x
21/31	23.09.2021	Godkjenning av reguleringsplan Simonstad Næringsområde	NU		x
21/32	23.09.2021	Deltaking i prosjekt Dagsturhytta Agder	NU	x	
21/33	23.09.2021	Søknad om støtte til oppgradering av skytebanen i Åmlihallen	SAMF	x	
21/34	23.09.2021	Reguleringsplan for Raudåna massetak, gnr. 39, bnr. 24 - 2. gangs behandling	SAMF		x
21/35	23.09.2021	Ombygging av gymsal til kultursal	KD	x	
21/36	23.09.2021	Søknad om forlengelse av bygdebokprosjektet	KD		x
21/37	23.09.2021	Klage på vedtak i kommunestyret i sak 21/18 - søknad om fritak for eiendomsskatt for gnr 62 bnr 6, Mjåvasstøy i Åmli	STAB		x
21/38	23.09.2021	Nye vedtekter - Aust-Agder utviklings- og kompetansefond	KD		x
21/39	23.09.2021	Statsforvalterens svar vedørende lovlighekskontroll av kommunestyrets vedtak i sak 20/80	KD		x
21/40	21.10.2021	Revisjon av kommunedirektørens lederavtale 2021	ORD		
21/41	21.10.2021	Detaljregulering for Rjupereirheia II - 2. gangs behandling og vedtak	SAMF		x
21/42	21.10.2021	Trafikkikringstiltak - Kyrkjekleiva Åmli sentrum	SAMF	x	
21/43	21.10.2021	Eierstyring og selvkost, endring av felles avfallsforskrift og gebyrregulativet etter forvaltningsrevisjon - IATA IKS.	SAMF		x
21/44	21.10.2021	Kontrollutvalgets sak 20/21 - Forvaltningsrevisjonsrapport Økonomistyring og bemanning i institusjon og hjemmetjeneste	ORG		x
21/45	21.10.2021	Budsjettpregulering 2. tertial 2021	ØK		x
21/46	11.11.2021	Revisjon av helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i Åmli kommune	ORG		x
21/47	11.11.2021	Revisjon av Beredskapsplan for Åmli kommune	ORG		x
21/48	11.11.2021	Revisjon av Helsemessig- og sosial beredskapsplan	ORG		x
21/49	16.12.2021	Godkjenning av møteplan for politiske møter 2022	ORG		x
21/50	16.12.2021	Spillemidler 2022 - prioritering fra Åmli kommune	SAMF		x
21/51	16.12.2021	Sykkelveg Åmli Treungen - Valg av trase forbi Seljås	SAMF		x
21/52	16.12.2021	Framlegg til ny vass- og avløpsforskrift for Åmli kommune.	SAMF	x	
21/53	16.12.2021	Deltakelse i nytt selskap - 110 Agder IKS	KD		x
21/54	16.12.2021	Organisering av vannområdene Nidelva og Tovdal	KD		x
21/55	16.12.2021	Aktivitør Åmli skule	OPPV		x
21/56	16.12.2021	Rett til barnekoordinator etter Velferdstjenesteloven §2-5c	OPPV	x	

Saksnr.	Møtedato	Tittel på saka	Ansvarleg eining	Under behandling	Avslutta
21/57	16.12.2021	Auka rammer for spesialundervising ved grunnskulen	OPPV		x
21/58	16.12.2021	Auka rammer til spesialundervising for elevar busett i andre kommunar	OPPV		x
21/59	16.12.2021	Barnehagemynde jfr barnehageloven kap 3 § 11	OPPV	x	
21/60	16.12.2021	Kommunal bil til ambulerende vaktmester	HO		x
21/61	16.12.2021	Eldresenteret - oppjustering av møbler til Eldresenteret	HO	x	
21/62	16.12.2021	Nye vinduer i arbeidsstue ÅPOS 2022	SAMF	x	
21/63	16.12.2021	Nye vinduer ÅPOS 2022 - Mellom hovedinngang og inngang i midten mot arbeidsstue - 1. etg.	SAMF	x	
21/64	16.12.2021	Ombygging av NAV-kontor som følge av sikkerhetskrav - 2022	SAMF	x	
21/65	16.12.2021	Meråpent bibliotek 2022	SAMF	x	
21/66	16.12.2021	Solskjerming for elever med spesielle behov ved Åmli skule	SAMF	x	
21/67	16.12.2021	Brannsikring Valhall ihht brannrapport	SAMF	x	
21/68	16.12.2021	Ny tømmestasjon for bobiler i Åmli sentrum.	SAMF	x	
21/69	16.12.2021	Oppgradering av Driftskontrollserver for overvåking og kontroll av vann- og avløpsanlegg.	SAMF	x	
21/70	16.12.2021	Utskifting av veilysarmaturer til LED - armaturer.	SAMF	x	
21/71	16.12.2021	Reguleringsplan næringsområde Åmli Alpinsenter	NU	x	
21/72	16.12.2021	Bevilgning til ledерgruppeutvikling i 2022	ORG		x
21/73	16.12.2021	Auka stillingsheimel i økonomiavdelinga - lønsmedarbeidar i 20 prosent stilling gjeldande frå 010122.	ØK		x
21/74	16.12.2021	Samlesak for kommunale gebyrer for år 2022 - Åmli kommune.	SAMF		x
21/75	16.12.2021	Utskriving av eigedomsskatt 2022 - Åmli kommune	ØK		x
21/76	16.12.2021	Handlingsprogram og økonomiplan 2022-2025 – Årsbudsjett 2022	ØK		x
21/77	15.12.2021	Innføring av hjemmeskole i perioden 16.12.2021 - 21.12.2021.	ORG		x

TILTAKSOVERSIKT MED STATUS

Nr.	TILTAK	UNDER BEHANDLING	AVSLUTTA
Administrativ stab og støtte			
2	Åmli Sokn - sparekrav 2 %		x
3	Avvikle lokal støtte politiske parti		x
5	Omdisponering av personell i Åmli kommune		x
6	IKT-Agder økning utover 2021		x
7	Ikke valg i 2022 og 2024		x
Enhet for oppvekst			
9	Læremidler og undervisningsmateriell	x	
10	Kommunalt tilbud svømehallen overført frivillige lag og org.	x	
11	Redusjon rektor voksenopplæring		x
14	Redusjon flyktningetenesta		x
15	Digitalt løft Åmli skule	x	
Enhet for helse og omsorg			
17	Redusjon sekretær helsestasjon 40 % st		x
18	Pasientvarslingsanlegg	x	
19	Økt pleiebehov døgnbemannning		x
20	Inventar ved kontor ÅPOS		x
Enhet for habilitering og ressurs			
21	Salg av psykologtjenester 50 % st.		x
23	Flyktning 2 i 2020 redusert tilskot IMDI		x
24	Tilskudd til etablering og tilpasning av bolig		x
26	Bruker flytter tilbake til Åmli	x	
Enhet for samfunn			
27	Salg Nelaug skole	x	
28	Redusert inntekt konsesjonskraft		x
<i>Investeringstiltak:</i>			
34	Låssystem ÅPOS 9 dører	x	
35	Bosettingstiltak Selåsvatn bustadfelt	x	
36	Asfaltering veg og parkeringsplass Dølemo oppvekstsenter	x	
37	Elektriske biler byggvedlikehold		x
38	Gang og sykkelsti Simonstad	x	
39	Garasje/avfallsbod omsøgsboliger	x	
40	Golv Åmlihallen	x	
41	Hjullaster med snøfres, feiemaskin og skuffe		x
42	Ladestasjon for elektriske tjenestebiler		x
44	Ny forbehandling av råvann Nelaug VV 2020	x	
45	Ny vannforsyningsskilde Jordøya		x

Nr.	TILTAK	UNDER BEHANDLING	AVSLUTTA
46	Redskapsbod på "Tuppen"	x	
47	Prosjektering VA - ledningsnett	x	
49	Sykkelvegen - tømmeravkjøring	x	
50	Uteområde Beverborga og Mosberg barnehager	x	
51	Utskifting av veilys LED -armatur	x	
52	Utvidelse av Åmli kirkegård	x	
53	Heis badebasseng Åmli skule		x
Kirkelig fellesråd			
54	Varmestyring til Åmli og Todal kyrkje		x
55	Automatisk ringeanlegg - 3 kyrkjer		x
Skatt, overføringer, renter og avdrag			
61	Eiendomsskatt - produksjonsutstyr ut av takst		x
62	Eigedomsskatt kraftanlegg endra grunnrenteskatt		x
63	IKT-investeringar DDØ		x
64	Omtaksering av eiendommer i Åmli etter utløp alminnelig takseringsperiode 31.12.22	x	
65	Realvekst rammetilskudd		x
66	Redusert bruk av integreringstilskot		x
67	Renter på diskonerte lån		x
68	Avsettast fond		x
69	Bruk av fond		x
Nye Tiltak vedteke i kommunestyret 17.12.2020			
70	Økt skatteinngang		x
71	Covid-19 tilskudd 1. halvår 2021		x
72	Uforutsett utgifter Covid 19, 1. halvår		x
73	Sponsorstøtte økonomisk ramme		x
74	Fritidskort		x
75	Forprosjekt kultursal (Kr 50 000 frå disposisjonsfond)		x
76	Klubbhus motorsenter (Kr 300 000 frå disposisjonsfond)		x

Administrativ stab og støtte

ORGANISERING

Tenesteområdet omfattar dei sentrale støtte- og stabsfunksjonane.

Dette omfattar mellom anna politisk sekretariat, valarbeid, informasjons- og arkivteneste, heimeside, facebook og ansattportal, økonomiforvaltning, personaladministrasjon, overordna HMSK/internkontroll og beredskapsarbeid, IKT, sal- og skjenkesaker etter alkohollova og saker etter serveringslova m.m.

OVERORDNA MÅL

Administrativ stab og støtte skal på overordna nivå bidra til at einingene når sine mål i høve til økonomistyring og koordinering, personalpolitikk, HSK og beredskaps-arbeid og mellom anna at kommunen har på plass system i høve til arkivlova. Elles at kommunen følgjer opp krav i lov og forskrift på dei same områda.

FOKUSOMRÅDE

Fokusområda lista opp under er ivaretatt i 2021. Sjå også kommentarar under dei einskilde punkt.

Frå 2020 har alle kommunar i IKT-Agder samarbeidet hatt den same programvare. Dette har vore ei krevjande oppgåve på få tilsette i staben og arbeidet med opplæring og implementering har halde fram i 2021.

I mars 2020 kom Covid-19 pandemien og mange tilsette i stab og støtte har hatt sentrale oppgåver og roller i kommunen si kriseleiing. Dette har vore eit krevjande arbeid.

Viktige fokusområde i 2021 har mellom anna vore:

- Nærvær/sjukefråversoppfølging
- Ajourføring av planar i høve til beredskap
- Revisjon av reglement og retningsliner
- Opplæring i HSK og avvikshåndtering (QM+)

- Informasjonstryggleik
- Sommarjobb for skuleungdom
- Fleire IKT-prosjekt har tatt lang tid eller vore sett på vent grunna utfordringar med leveransar frå leverandørar

Fleire av fokusområda som er nemnt ovanfor er kommentert i kapitel om «Kommunen som verksamhet» då dette er fokusområde som gjeld heile eller ein større del av kommunen.

- Koordinering av overordna økonomioppgåver som rekneskapsavslutning, budsjettprosessen (årsbudsjett og økonomiplan) og budsjettregulering.
Dette er viktige og store prosessar for å sikre at Åmli kommune har god økonomistyring.
Arbeidet koordinerast av økonomisjefen
- Koordinere og gjennomføre årlege lønsforhandlinger og drøftingar/forhandlingar innan personalområdet med unntak av leiarforhandlingar (HTA kap. 3)
Koordinerast av leiar for rådmannens stab og støtte.
- Ros analyser i alle einingar.
HMSK/beredskapsrådgjevar har laga malar og bistått einingane. Det er framleis nokon einingar som ikkje har gjennomført dette.
- Revisjon av beredskapsplanar i einingane.
HMSK/beredskapsrådgjevar har laga malar og bistått einingane.
- Utarbeide oversikter på kommunen sine helseutfordringar

ØKONOMI

Driftsbudsjett for Administrativ stab og støtte hadde ei ramme på totalt kr 19 445 969. (revidert budsjett)

Totalt er det eit mindreforbruk på 1 173 255,- (-6 %) som i hovudsak skuldast reduserte lønsutgifter, møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og kontingenter.

Samfunn

ORGANISERING

Samfunn omfattar eit bredt spekter av fagfelt som dekkjer reinhald, vatn- og avlaup, byggdrift, vegdrift, park- og grøntareal, kommunale planar, byggesaksbehandling, kart- og oppmåling, forureining, bygdebøker, bygdemuseum, kultur, folkebibliotek og skulebibliotek.

REINHALD

Som følgje av corona blei året ekstra krevjande for reinhalderane. Året vart prega av stadige endringar på reinhaldsrutiner, nokre bygg vart stengde i periodar fordi dei vart tekne ut av bruk, og andre bygg kravde meir reinhald som følgje av auka krav til reinhaldsrutiner.

I løpet av året har det blitt gjennomført ein prosess med å gå over til teamorganisering av reinhaldsarbeidet, med føremål å bli meir fleksible, og for å få ein arbeidskvardag der ein arbeider mindre aleine.

For å betre kvaliteten på reinhaldet og sikre gode rutinar, er det utarbeid nye rutinar for alle bygg.

TEKNISK FAGOMRÅDE

I løpet av 2021 var det registrert sju vasslekkasjar på det kommunale vassleidningsnettet. Det var 2 lekkasjar på leidningsnettet på Dølemo og 5 lekkasjar i Åmli sentrum.

Det har vore gode resultat på vassprøvane frå dei kommunale vassverka i 2021. Men det har vore problemmar med drifta av Børtinghus høgdebasseng, slik at me har vore nøyd til å leggje eit nytt midlertidig takbelegg på bassenget. Planlegging av nytt Børtinghus høgdebasseng starta opp i 2021 og skal etter planen ferdigstilla i 2022.

Ved Gjøv VV, Nelaug VV og Dølemo VV har det ikkje vore nokon større driftsutfordringar i 2021.

Inntakssila til Nelaug vassverket blei reingjort i henhold til plan i April månad.

Det blei skifta ut 5 stk. stengeventilar i vasskummar på Engenes i Åmli sentrum i henhold til bevilgning.

Dei kommunale reinseanlegga på Nelaug og Åmli har det ikkje vore større driftsutfordringar med i 2021.

Anlegga reinsar i henhold til reinsekrava.

Ved Åmli reinseanlegg har ein hatt ein gjennomgang av tilstanden av anlegg med forslag til utbetringar.

Ein har utført nødvendig asfaltering og lapping av asfaltdekke på kommunale vegar og plassar i Åmli

sentrum, Nelaug samt vegen og parkeringsplassen til Dølemo Oppvekstsenter.

På dei kommunale grusvegane har ein utført nødvendig påkjøring av grus, skraping og utkjøring av støvbindemidel i henhold til driftsbudsjet.

Teknisk vakt og Drifts- og vedlikehaldsteamet har vært viktige bidragsytarar igjennom året med å take ansvar for forskjellige hendingar på kommunale bygningar og anlegg.

For å få ei meir effektiv drift ved driftseininga, er det investera i ny liten hjullastar slik at fleire manuelle arbeidsoppgåver skal kunne utføras maskinelt.



KOMMUNALE BYGGEPROSJEKT

I løpet av året er det blitt gjennomført fleire større og mindre prosjekt.

Pu bustad

Bygging av ny Pu bustad blei starta opp, og skal vere ferdig innan mars 2022. Bustaden byggast i Gamle Gjøvdalsveg 11, ikkje langt frå eksisterande bustader knytt til drifta til Habilitering- og ressurs. Bustaden er på 192 kvadratmeter, og i tillegg til leilegheit for brukar, inneheld bustaden også ein personalbase tilrettelagt for vaktordning der to kan vere på vakt samstundes. Personalbasen inneheld fellesrom, opphaldsrom med kjøkken, to bad og to soverom. Bygninga er planlagd for å kunne utvidas med to buenheter til, og det er etablert moderne sjukesignalanlegg i bygget.

Rehabilitering av pasientrom Åmli pleie og sjukeheim (Åpos)

Omfattande rehabilitering av pasientrom på ei avdeling på Åpos vart avslutta i løpet av våren. Alle rom er totalrenovert med nye vindauge, vegg, golv og tak. I tillegg har alle rom fenge eige bad som sjølvsagt bygd med universell utforming. Romma har også fått etablert heis for å lette arbeidet for pleierane, og det er forbereda for montering av nytt

sjukesignalanlegg. Ventilasjonsanlegg og varmesystem blei og skift ut i rehabiliteringa.

Børtinghus høgdebasseng

Prosjektering av børtinghus høgdebasseng er påbegynt slik at det kan byggast i 2022

Elbilladerar

For å tilrettelegge for overgang til elektriske tenestebilar vart det etablerta ladestasjonar i parkeringsanlegget til heimesjukepleien, på framsida av Åpos, på helsehuset, reseanlegget og på personalbasen til driftsenheten. Utbygginga vil også fortsette i 2022 for å utvide lademuleheitene ytterlegare

Veglys Selåsvaten

Veglys er etablert inn til kommunens bustadfelt på selåsvatn.

Heis badebassenget

Ny heis for funksjonshemma er montera i symjebassenget.

Opprusting av kommunale barnehagar

Beverborga barnehage og Mosberg barnehage er blitt opprusta med fleire nye leikeapparat, og oppgradering av uteområda. Det er bevilga meir pengar til barnehagane slik at arbeidet vil halde fram også i 2022.

Sal av kommunale boliger

Det vart gjort forsøk på å selje bustad på Nelaug som er vedteke seld. Det har vore nokre interesserar, men foreløpig er ikkje salet gjennomførd.

PLAN- OG BYGGESAK

Det er utarbeida ny planstrategi for gjeldande valperiode, med styringsdokument for 2019 - 2023. Formålet med planstrategien er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør prioritere i valperioden, for å legge tilrette for ei ønska utvikling i kommunen.

For å betre trafikksikkerheta for elevar ved Åmli skule, er det starta arbeid med å regulere inn fortau fra Negardskleiva, og vidare opp til skulen. I reguleringsprosessen er det og kome fram behov for å innarbeide forholda rundt trafikkavvikling ved skulen i reguleringsplanen.

Reguleringsplan for mjuke trafikantar på Simonstad er under utarbeiding, og vil vere klar til 2. gangs behandling tidleg i 2022.

Det har og blitt behandla private reguleringsplanar, og reguleringsplan for massetak på Raudåna er ferdigbehandla.

KART OG OPPMÅLING

- Ordinær oppmåling – 2021 var eit år med stor aktivitet på ordinære delingssaker. Mykje av auken skyldast frådeling av hyttetomter. Normal aktivitet på grensemåling og justering
- Infoland – stor aktivitet på leveransar til meklarar i 2021. Rundt 70 leveransar til eigedomsmeklarar jamt fordelt over heile året. Dette er ei auke på ca.40 % frå fjoråret
- Konsesjon-konsesjonsfritak - Registrering i matrikkelen av 134 konsesjon/konsesjonsfritaksaker. Dette er ei auke på 55% frå fjoråret
- Ledningskart - Innmåling og ajourføring av ledningskart (VA-kart) har fortsett i året. Det meste er registrering/ajourføring i forhold til mange lekkasjar i løpet av året. Arbeidet med registrering /oppmåling held fram i 2022
- Trafikksikringsplan – Etter at planen vart vedtatt i 2021 er det nå sett i gang reguleringsarbeid for kryssområdet ved Åmli skule og fortau på resterande del av Negardskleiva opp til skuleområdet
- Utvida sykkelveg – Sekretær i arbeidet med utvidelse av sykkelveien Åmli –Treungen. Traseevalg for strekningen fra Krossbekk/Bjørnbakken til Epletveitsletta er nå vedtatt.
- Topp 20 – Kart til toppturane og for kulturturane er oppdatert/revidert. Nye turalternativ er lagt inn i basen «TraktorveiSti» og i manuskart «Topp 20»
- Tomtesalg – Salg av bustadomter i kommunale felt. Noen forespørslar fra interesserte kjøpere, men ingen boligtomter solgt i 2021
- BRA-arkiv/P360 - Samkjøring og standardisering av arkivdelane i samarbeid med IKT agder og Geomatikk
- Diverse matrikkelarbeid – Føring av jordskifte-saker, oppmåling av nydyrkning med innlegging i matrikkelen. I tillegg arbeid med generell kvalitetsheving av matrikkelen i samarbeid med Kartverket
- Byggregistrering – registrering av alle nybygg som tiltak i matrikkelen. Vedlikehald av bygg og tiltaksbase.
- Oppgradering av planbasen i Gis-line er påbegynt i 2021

KULTUR

Elvarheim museum

Utstillinga Beverens reise ble opna på Elvarheim museum i 2021. Det ble produsert en reklamefilm i samarbeid med Jermansen medier i Treungen og utstillinga fekk omtale i både Sørlandssendinga og fleire nasjonale magasiner herunder "Museumsnytt" og magasinet "Jakt og Fiske" under Norges Jeger- og Fiskeforbund. Alle barnehagar og skoler i Åmli kommune var på omvising i utstillinga, inkludera eit pedagogisk opplegg innehaldande bever dokketeater for dei minste, og montering av insekthotell for dei litt større barna.

Utstillinga ble i 2021 marknadsført til andre museer i Norge og utland. Dette resulterte i at utstillinga hausten 2021 blei vist på Norsk Skogmuseum i Elverum. Vinter og vår 2022 blir utstillinga vist på Jamtli museum i Östersund i Sverige. Sommaren 2022 skal utstillinga flytt vidare til Setesdalsmuseet og november 2022 flytter utstillinga videre til "Naturama" i Svendborg i Danmark.

Oppgradering av Nattrommet i tilknyting til Aslak Harstveit samlinga blei starta hausten 2021 og ferdigstilles etter planen våren 2022.

Besøkstala ved museet heldt seg stabilt samanlikna med fjoråret med ca. 1400 besøkande. Fremdeles preget av coronasituasjonen.



Bilete: Utstillinga – Beverens reise. Foto: Åmli kommune

Tilbod om Gratis Fritidsaktivitet

Kommunestyret vedtok i budsjettet for 2022 å utvide tilbod om Gratis Fritidsaktivitet til å omfatte alle elever i 1.-10. klasse. Tidlegare har dette tilbod vert gjeldande for 3.-7. klasse.

BYGDEBOK

2021 var eit arbeidsår for forfattar og bygdeboknemnd utan noka ny utgjeving. Det blei etter kvart klart at det ikkje ville bli mogleg å få skriva ferdig eit nytt bind dette året. Dei tre gardsnummera som er att (Prestegarden, Børtinghus og Nergarden), er arbeidskrevjande med mange hus og folk å halde styr

på, ikkje minst i tida etter ca. 1880, då det som soknepresten i 1891 kalla "landsbyen Åmli" vaks fram. I dette bindet skal det òg skrivast ei omfattande innleiing om Kyrkjebygda.

Ut frå dette vende Bygdeboknemnda seg til kommunen og fekk løyving til endå eitt års arbeid.

Parallelt med forfattarens arbeid med heimar og ætter frå før 1600 til 1900-talet, har også dette året ei undergruppe av Bygdeboknemnda (Arlid Håkedal, Sigurd Kløvfjell, Bjarte Nordås), arbeidd med innsamling av bilde og opplysningar som er sperra for innsyn i offentlege kjelder (tida etter ca. 1930). Det er eit tidkrevjande arbeid med spørjeskjema, purring og mange telefonar. Førearbeidet til leiar Sveinung Seljås har vore eit godt grunnlag for den prosessen. Han har vore med i gruppa undervegs og hatt ansvar for å gjere klart det innsamla materialet og flette det inn i forfattarens manus.

I løpet av året har me kome så langt at manuset for gnr. 39 Børtinghus på ca. 140 sider (utan bilde) på det nærmeste er ferdig. Bygdebokforfattaren har kome godt i gang med skrivinga av gnr. 38 Prestegarden. Undergruppa har, sjølv om fokus var på Børtinghus, òg arbeidd med innsamling og ferdigstilling av stoff for dei to siste gardsnummara.

ÅMLI BIBLIOTEK

Besøkstalet har vært lågare enn tidlegare som følgje av epidemien, men det har blitt gjort ein stor innsats med å halde biblioteket åpent heile året, og arrangere leseprosjekt for born og vaksne som før. Nokre av dei har imidlertid blitt avlyst som følgje av smittesituasjon.

I løpet av sommaren ble det arrangert tre samlingar med "Bok til kirkekaffe", det var godt frammøte med mellom ti og tjuge personar på kvar samling. I oktober var det forfattarbesøk med Gaute Heivoll, der 15 personar møtte, og i november vart det arrangert med Linn T. Sunne, og då møtte 11 personar.

Skulebiblioteket har vært i drift stort sett som normalt, og det vil framover bli satsa på ei betre organisering av biblioteka, slik at tilgjengelegheta vert betre.

ØKONOMI

Samfunn hadde eit revidert budsjett i 2021 på kr 29 092 170,- Rekneskapet for 2021 viser eit forbruk på kr 29 828 865,- eit negativt avvik på kr 736 695,- som utgjer 2,5 % av totalen. Det er god økonomistyring av eininga. Overskridninga er i hovudsak knytt til svikt i leigeinntekter for kommunalt eigde bustader og overbudsjetterte inntekter for Vatn- og avløp. Effektiv drift gjennom heile året har i ei viss grad redusera overskridninga.

Oppvekst



Arbeidsområda til oppveksteininga har i 2021 vore barnehage, skule/SFO, PP-tenesta, vaksenopplæring, flyktningteneste, kulturskole og interkommunalt barnevern. I tillegg har der vore arbeidd med fleire overordna prosjekt.

BARNEHAGE

Åmli kommune har god barnehagedekning. Alle som søkte fekk barnehageplass. Bemanninga har vore i tråd med dei nasjonale normene. I 2021 blei det innført eit lovkrav om at rolla som barnehagemynde og barnehageeigar ikkje kan utøvast av ein og same person. Åmli kommune har ivaretatt dette lovkravet på best mogleg vis innan dei rammene dei har hatt.

Barnehagane har i 2021, med unntak av ein kort periode i desember, halde ope med normale opningstider. I perioden i desember var barnehagane opne, men med redusert opningstid. Å syte for godt smittevern og god organisering i tråd med retningslinene har vore høgt prioritert og viktig for barnehagane. Samstundes har dei fokusert på at barna skal ha ein så normal kvardag som mogleg.

I 2021 har barnehagane arbeidd mykje med sosial kompetanse og har hatt ulike tema kvar månad knytt opp mot Rammeplanen og årsplanen.

Det har vore felles kursing og opplæring. Åmli kommune er med i Østre Agder fagutval for barnehage. Gjennom dette samarbeidet deltek vi i Regional Kompetanseutvikling (ReKomp). I ReKomp har barnehagane i Åmli vald å arbeide med tema kompetanse i digitale verktøy. Barnehagane har delteke i prosjekta HBS og BTI og dei samlingane som har vore initierte av desse og retta mot dei.



SKULEN

Oppfølgingsordninga 2020-2023

Kommunar som over tid har hatt låge resultat på sentrale områder i opplæringa, får tilbod om statleg støtte og rettleiing gjennom oppfølgingsordninga. Prosjektet starta opp hausten 2020.

I første fasen har skulen analysert eit breitt talmateriale for å identifisere utviklingsområde. Skulen ynskjer å bli betre på å tilpasse opplæringa, slik at vi tek vare på skapargleda, engasjementet og utforskarkrøngen til elevane. Målet er å auke motivasjon, trivsel og meistring hos elevane. I sjølve gjennomføringsfasen av prosjektet har vi inngått eit samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge. Dette arbeidet ses i nær samanheng med ny læreplan.

Elevundersøkinga

Elevundersøkinga syner at vi ligg lågt på elevmedverknad, motivasjon og vurdering for læring, dette gjeld både 7. og 10. trinn. Desse områda heng saman og påverkar kvarandre.

Det er lagt vinn på å tilpasse opplæringa slik at den enkelte elev opplever meistring og betre

læringsutbytte. I tillegg prøver ein å legge opp til meir elevmedverknad i undervisninga. Elevundersøkinga syner òg at elevane i liten grad opplever mobbing. Skulen har gjennom læringsmiljøprosjektet fått gode reiskap for å lage gode og trygge rammer for trivsel og læring hos elevane.

Nasjonale prøver

Elevane i 5. klasse presterer tett opptil landssnittet i lesing og noko under landssnittet i rekning og engelsk. Elevane i 8. klasse ligg på landssnitt i lesing og tett opptil landssnittet i engelsk. I rekning ligg dei noko under landssnittet. Elevane i 9. klasse ligg på landssnittet i både lesing og rekning.

Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng for 2021 ligg 0,6 poeng under fylkessnittet og 1,3 poeng under landssnittet.



Kompetanseheving

Gjennom DEKOMP (Desentralisert kompetanseutvikling) har skulen i 2021 vidareført arbeidet med pedagogisk bruk av digitale verktøy og innføring av ny læreplan.

Classroom Assessment scoring System (CLASS)

I 2021 har fleire lærarar blitt kursa i bruken av CLASS. CLASS er eit verktøy for observasjon av kvalitet i skole og barnehage. Det bruker innsikt basert på forsking for å forbetre korleis vaksne samhandlar med barn, slik at barna opplever tryggleik, livsmeistring og støtte til utvikling og læring i sin kvar dag. Kvaliteten målast gjennom observasjon av emosjonell støtte, organisering av undervisning og korleis det er tilrettelagt for kognitiv utvikling og læring.

Covid-19

I løpet av 2021 har skulen vore drevet etter trafikklysmodellen og alle nivå har vore i bruk. I desember var det ein kort periode på raudt nivå, elles har det for det meste vore gult nivå og noko grønt. Å syte for godt smittevern og god organisering i tråd med retningslinene har vore høgt prioritert og viktig for skulen. Samstundes har dei fokusert på at elevane skal ha ein så normal kvar dag som mogleg.

SFO

Det er mange born som nyttar SFO-tilbodet i Åmli og på Dølemo. Det har vore mykje fokus på uteaktivitetar. Arbeid med lokal rammeplan for SFO har pågått sidan skulestart 2021 og den lokale rammeplanen vil vere

klar til skulestart 2022. Det har vore tilbod om leksehjelp for 1. - 4. klasse i SFO-tida, både i Åmli og på Dølemo.



KULTURSKULEN

Åmli kulturskule hadde ved utgangen av 2021 54 enkeltelevar, fordelt på 61 elevplassar; musikk (23) visuell kunst (16) og dans (22). Det var ikkje tilbod om dans og drama i kulturskulen i 2021.

Det var fem tilsette lærarar i kulturskulen hausten 2021, tre på musikkopplæringa, ein på dans og ein på kunst. Felelæraren gjekk av med pensjon sommaren 2019, og det ble kjøpt inn timer frå kulturskolen øst i Agder f.o.m. hausten 2019. Ein ordning som og var gjeldande i 2021.

Kulturskulen blei hausten 2020 med i eit omfattande prosjekt i samråd med kulturskulerådet. Dette er eit rettleatingsprosjekt som omfattar leiing og lærarar i kulturskulen, skuleeigar representert ved ordførar og oppvekstleiar samt rektor ved grunnskulen. Prosjektet strekk seg over tre semester og blir avslutta våren 2022.



ÅMLI PP-TENESTE

PP-tenesta har vore bemanna med leiar/rådgjevar i ei heil stilling. Arbeidet består mykje av utgreiing av lærevanskar, sosiale- og emosjonelle vanskar, lese- og skrivevanskar. Tenesta er sakkunnig instans, og skal gjere ei vurdering av retten til spesialundervisning i skulen samt spesialpedagogisk hjelp hjå born i barnehagen.

I 2021 det har vore arbeidd med individ og systemsaker alt frå barnehageborn, skuleborn og vaksne frå voksenopplæringa. Talet på barnehage- og skuleborn som får spesialundervisning / spesialpedagogisk hjelp held seg nokolunde stabilt.

FLYKTNINGTENESTA

I 2021 vart det ikkje busett nye flyktningar i Åmli kommune. Alle flyktningane som vart busett i perioden 2015-2017 er ferdige med introduksjonsprogrammet, og dei fleste har flytta frå kommunen. Flyktningtenesta har fylgt opp deltakarane innanfor 5-årsperioden med helse, skule og arbeid. NAV har vore ein viktig samarbeidspart for å finne gode løysingar.

VAKSENOPPLÆRING

Vaksenopplæringa har i 2021 halde til i 2. etasje på Åmli bibliotek. Vaksenopplæringa har hatt undervising av elevar med rett til vedlikehald av tidlegare grunnskulekompetanse. Undervisninga ved skulen har gått som normalt under pandemien.

Vaksenopplæringa har kjøpt grunnskuleplassar frå Arendal Vaksenopplæring.

LOS/SLT (SAMORDNING AV LOKALE TILTAK):

Losen har som føremål å følgje opp ungdom slik at flest mogeleg skal klare å gjennomføre vidaregåande skule. I tillegg til individuell oppfølging av utvalde ungdommar på kontrakt så har losen tett samarbeid med vidaregåande skular, NAV og oppfølgingstenesta.

Arbeidet som har vore utført i 2021 og nyare statistikk tyder på at fråfallet i det komande ser ut til å minske. Koronatida og nedstenging/drift av skular etter trafikklysmodellen har vore utfordrande i det førebyggjande arbeidet med å hindre at elevar ikkje droppar ut av vidaregåande skule. I regionen har Åmli sitt Los -arbeidet blitt godt lagt merke til. Prosjektleiar sit òg i referansegruppa til Jobbklar Pro + sitt prosjekt.

Ungdomsarbeid har vore utført av los i 20% av stillinga på kveldstid. Dette sett opp i mot rus og kriminalitetsførebygging i SLT -modellen. Utleige av Oasen/hallen/symjebassengen har blitt utført av losen.

Los har i 2021 vore sekretær for ungdomsrådet.

Det vert halde eit SLT -møte kvar månad i Åmli. Deltakarar er rektor ved Åmli skule, politikontakt, barnevern og rus/psykiatri.

PROSJEKT

Nasjonal tilskuddsordning for å inkludere barn og unge

Prosjektet har gitt tilskot til ferieaktivitetar for 7.-vgs elevar i haust -og vinterferie og ein familietur til Dyreparken i sommarferien. Der har vært særslig god oppslutning om tilboda.

Utstyrsbanken har lokale i 2. etasje på Åmli bibliotek. Utstyret vert lånt ut gjennom lånekortordninga til Åmli bibliotek. Det har vore kjøpt inn mykje nytt utstyr og mange har gjort bruk av tilboden. Finansieringa skjer via dette prosjektet.

Betre tverrfaglig innsats (BTI)

BTI er eit av fire hovudsatsingsområde i folkehelseprogrammet i Agder. BTI blei som eige prosjekt avslutta ved utgangen av 2021. Det siste året har prosjektet arbeidet med implementering av BTI-handlingsveileder i alle einingane i kommunen og arbeidet med behov for stilling som barnekoordinator. Kommunen har fått rettleiing av kompetansemiljøet - PWC. Det har vore tilsett eigen prosjektleiar knytt til prosjektet.

Helsefremmende barnehager og skoler (HBS)

HBS blei som eige prosjekt avslutta ved utgangen av 2021. Framover skal prosjektet vere implementert i og vere ein naturleg del av drifta. Tiltaka i prosjektet har for Åmli vore relasjonskompetanse og inkluderande og gode utedmiljø. I 2021 fekk vi og moglegheit til å jobbe med gode og inkluderande utedmiljø i barnehagane og på SFO. I samarbeid med STYD har personalet i barnehagane og på SFO fått auka sin kompetanse når det gjeld kva som kjenneteiknar eit helsefremjande utedmiljø. Barnehagane og SFO har gjort om på minst eitt av romma sine for at dei skal være i tråd med desse kjenneteikna. I 2021 deltok dei tilsette i barnehagane, på skulen, kulturskulen, helsestasjonen og psykisk helse på ein planleggingsdag i regi av Stine Sofie Stiftelse. Dei fekk høyre dei to foredrag "Jeg skulle ønske du ikke fantes" og "Det handler om omtanke ikke mistanke". Tema i desse foredragene var omhandla vald og seksuelle overgrep mot barn. Skuleåret 2021/2022 var stillingane som "Aktivitører" vidareført i totalt 15%-stilling. "Aktivitørane" har som oppgåve å legge til rette for gode og inkluderande aktivitetar i friminutta.



ØKONOMI

Det har vore god økonomikontroll gjennom heile året. Vi har klart å budsjetttere i høve til forbruk totalt for eininga. Ein må i det vidare vere påpasselege med å sikre god ressursutnytting i dei ulike tenesteområda.

Revidert budsjett utgjorde kr 49 499 906 og eininga hadde eit mindreforbruk på kr 363 141.



Habilitering og ressurs

ORGANISERING

Habilitering og ressurs er organisert som ei eining bestående av tenesta for funksjonshemma, NAV kommunale tenester, psykisk helseteneste/ rus, dagsenter og Åmli frivilligentral.

TENESTA FOR FUNKSJONSHEMMA (TINNERODDEN BUFELESSKAP)



Spørjerunde med ordførar

Tjenesta for funksjonshemma tilbyr miljøarbeid og praktisk bistand i både private og kommunale boliger.

2021 har også vore pregea av Covid-19 pandemien, det har fortsatt vore noko redusert aktivitetstilbud, men dei ansatte har funnet andre gode og kreative løysingar for tjenestemottakerne.

Våren 2020 starta arbeidet med å leggje til rette for tilbakeføring av tenestemottakar på ein god måte til Åmli kommune. Arbeidet er godt i gang i, og avsluttes i løpet av siste halvdel av 2022.

Det har i 2021 vore en del bruk av vikarar, blant anna grunna periodevis høgt sjukefråver.



Tur med bålkos

NAV ÅMLI KOMMUNALE TENESTER

NAV Åmli ønsker å fremje økonomisk og sosial tryggleik, betre levekår og førebyggje sosial problem.

NAV gir økonomisk råd- og rettleiing for å førebyggje og løyse sosiale problem. I nokre tilfelle kan NAV tilby økonomistyring.

NAV Åmli har i dag eit godt arbeidsmiljø med tilsette som leverer gode tenester.

Samarbeidet mellom kommunale tenester i Åmli og statlege tenester har fungert bra i 2021. NAV Froland hadde ansvar for dei statlege tenestene ved NAV Åmli frem til august 2021, etter det ble NAV Tvedstrand vertskontor for de statlege tenestene i Åmli. NAV stat har sporadisk vore til stades i 2021, grunna Covid-19 pandemien og oppmoding om heimekontor frå NAV sentralt.

Alle brukarar skal kunne kommunisere med NAV digitalt, uavhengig om dei mottek statlege eller kommunale tenester.

Kommunestyret i Åmli vedtok i mai 2019 at NAV Åmli - kommunale tenester ikkje skal inngå i samarbeid/samanslåing av NAV-kontora i Østre Agder. Etter det har NAV Risør og takka nei til samarbeid/samanslåing. Prosessen med samlokalisering av NAV kontora i Froland, Tvedstrand, Gjerstad og Vegårshei har pågått hausten 2021. Frå 01.01.22 er dei fire NAV kontora blitt NAV Øst i Agder, og vertskontoret er i Tvedstrand.

Grunna Covid-19 pandemien har ikkje NAV Åmli kunne nyttiggjere seg stillinga som arbeidsleiar 50%, som vart lagt til eining for samfunn, fullt ut i 2021. Stillingsa skal leggje til rette for lovpålagt aktivitet etter § 20 i lov om sosiale tenester i NAV. Ingen skal motta passive ytингar dersom det ikkje ligg helsemessige årsaker til grunn for det.

PSYKISK HELSETENESTE/RUS

Psykisk helseteneste og rus er eit lågterskel tilbod som yter lovpålagte tenester og oppgåver. Tenesta har 65-80 brukarar i året, med forskjellige problemstillingar, diagnosar, alder og behov. Brukarens kontakt med psykisk helse varierer avhengig av problemstilling og kompleksitet.

Tenesta har vore i endring fordi ein del av brukarane i liten grad kan nyttiggjere seg samtaler aleine, og fleire av tenestemottakarane har fått tilbod om periodevis miljøarbeidarteneste eller støttekontakt. Ein ser at fleire av brukarane med utfordringar innan rusproblematikk treng meir miljøarbeidarteneste før dei kan gjere seg nytte av støttesamtalar og kan gå

inn i endringsarbeid. Det må vurderast om ein skal dreie tenesta meir mot dette i 2021 og i åra vidare.

Året har vore prega av Covid- 19. I starten hadde vi mykje heimekontor, avgrensa fysisk aktivitet. Mange ting vart satt på vent. Det vart mindre yoga, svømminga blei ikkje prioritert. Blant brukarane skapte koronaen meir frykt, einsemd og depresjon. Koronaen har påverka det tverrfaglege samarbeidet, FACT- møter og møter med DPS har vært digitale. Kartlegging brukerPlan er ikkje gjennomført på grunn av manglande tilbod.

I 2021 fekk kommunen ytterlegare tilskot til ei 50% stilling til miljøterapeutisk arbeid. Vi ser at i arbeid med brukarar som slit med avhengigheit eller har ein psykiatrisk diagnose er det behov for å jobbe på ein annan og meir langsiktig måte. Totalt har vi 1,2 stillinger som dekkes av tilskuddsmidler. Miljøterapeutisk arbeid er tett knytt opp til dagsenteret og tilbyr opplæring i matlaging, turar, skiturar, trening, hjelp til sosialisering og handarbeid av forskjellige karakter. Brukergruppen består i hovedsak av kvinner, men vi forsøker å finne aktiviteter som er tilpasset menn for å få en større blanding i gruppen. Det planlegges noen større ekskursjoner for våren 2022 blant annet tur til Mjåvasshytta med overnatting, samt andre turer etter ønske fra brukarene.

Kommunen fekk på slutten av 2019 eit ekstra tilskot til ei 20% stilling som erfaringkskonsulent. Vi er framleis i 2021 i startgropa i høve til kva rolle erfaringkskonsulenten skal ha inn i arbeidet med brukarar som slit med forskjellige former for avhengigheit. Vi har hatt en erfarrings-konsulentar i løpet av 2021.

To tilsette har gjennomført et UIA- studie i tenesteutvikling i 2021. Det har i 2021 vore eit tett og godt samarbeid med Frisklivssentralen i høve til mellom anna Mediyoga. Anna kompetanseheving blant tilsette er Tankevirus, KIB- kurs. En ansatt har gjennomført master i Familieterapi- og Systemisk praksis og tjenesten har utformet et nytt familieterapi-tilbod til familier med barn og/eller psykiatriske diagnoser. Kommunepsykologen har fokus på barn og unge i samarbeid med skolen og helsestasjon.

Vi har hatt rettleiing med kommunepsykolog og DPS.

Tilsette som jobbar tett opp til tenestemottakarane har jamlege fagmøte. Tenesta har testa ut ulike metodar på korleis dei på best mogleg måte kan gje kvarandre gode tilbakemeldingar både fagleg og menneskeleg. Tilsette jobbar mykje med å støtte kvarandre og gjere kvarandre gode. Dette er med på å oppretthalde det gode arbeidsmiljøet. Dette er positivt for dei tilsette og aukar kvaliteten på tenestene, som er til tenestemottakarane sine beste.



ÅMLI SOM EIN AV-OG-TIL KOMMUNE

Åmli kommune har inngått samarbeidsavtale med organisasjonen AV-OG-TIL. AV-OG-TIL er ein alkoholvettorganisasjon. Det vert sett fokus på situasjonar der alkohol utgjer ein særleg risiko eller kan vere til blempe for andre. AV-OG-TIL vil bidra til å redusere dei negative fylgjene av alkoholbruk i samfunnet og gjere kvardagen tryggare for alle. Gjennom å vere ein AV-OG-TIL kommune får vi sett fokus på førebygging og haldningsskapande arbeid innom rusfeltet. Vi deltek i ulike kampanjar som f.eks. «Hvor mange glass tåler barnet ditt».

AV-OG-TIL jobbar ikkje for at ein skal slutte å drikke alkohol, men at vi skal redusere alkoholbruken der det kan vere farleg eller gå ut over andre. Derfor har vi kampanjar som særleg fokuserer på situasjonar kor alkohol utgjer ein særleg risiko. Desse er: Arbeidsliv, båt- og badeliv, graviditet, idrett og friluftsliv, livskriser, samvær med barn og unge og trafikk.

AV-OG-TIL driv haldningsskapande arbeid gjennom eit breitt nettverk av frivillige organisasjoner, kommunar og andre samarbeidspartar.

DAGSENTER

Dagsenteret ligg sentralt til i sentrum og er eit samarbeid mellom einingane. Dagsenteret utgjer basen for dagtilbod inntil fem dagar i veka for menneske med psykisk utviklingshemming og psykiske helsetenester. Senteret er et tilholdssted for brukere med psykiske utfordringer og blir brukt som et lavterskelttilbod til aktiviteter og sosial arena.

Det har i 2021 blitt jobba med å finne gode brukartilpassa aktivitetar/ arbeidsoppgåver som gjer at brukarane føler mestring og får ein meiningsfull kvardag saman med andre. Samarbeid på tvers av brukargrupper som har tilhald på dagsenteret er viktig for oppleving av mestring og samhald.

Det har i 2021 fortsatt vore ei auke i antal brukarar innan psykisk helse og rus, og kompleksiteten og ulike utfordringar gjer at det må vere nok tilsette til å fylge opp den einskilte. Behovet for og det viktige med sosial kontakt med andre vart enda tydelegare i desse Covid- 19 tider. Første halvdel av året var dagsenteret stengt i perioder, seinere ble det utformet tilbud til mindre grupper på grunn av smitteverntiltak i forbindelse med Covid- 19.

Vi hadde eit samarbeid med Friluftsrådet Sør som har vært medarrangør på diverse turar. Dette gjeld gruppa psykisk helse og rus som har tilbod på måndagar og torsdagar.

Markering av Verdensdagen for Psykisk helse ble arrangert i samarbeid med Dagsenteret, Psykisk helse, Frivillighetssentralen og Simonstad sangkor.



Skitur på Gautefall

ÅMLI FRIVILLIGSENTRAL

Januar 2021 tiltrådte Stine Rieffestahl som ny daglig leder for Åmli frivilligcentral. Arbeidet med fokus på og tilbud om sosialt samvær for pensjonister, som felleslunsjer og bingo arrangementer, har vært fortsatt av ny daglig leder. Koronapandemien har vært en utfordring for frivilligcentralen igjennom hele 2021 med delvis nedlukninger og gjenåpninger. Flere tilbud har i perioder ikke vært lov å gjennomføre f.eks. tilbuddet om kiosktralle for beboerne på ÅPOS betjent av frivillige.

I perioder med få restriksjoner har vi arrangert mindre musikkarrangementer, hvor lokale musikantar har bidratt som frivillige.

På tross av de utfordringar som koronapandemien har medført, har Frivilligcentralen prøvet seg på flere nye tiltak og arrangementer, hvor målet har vært å bidra til lokale møteplasser for innbyggerne i Åmli på tvers av alder.

Eksempelvis kan nevnes:

- Familiedag på Timmeråsen med konsert, barneaktiviteter og skattekjakt som samlet rundt 80 deltagere.

- Besøk av «Bytteboden» med cafeutsalg og små konkurranser var et populært arrangement.
- Påskepynting av trær i sentrum i samarbeide med de 4 barnehagene, privatpersoner og frivillige.
- Bidratt til 17. mai feiring for barn på barneskolen i Åmli med vaffelstasjon.
- Markering av verdensdagen for psykisk helse med konsert med Simonstad Sangkor, quizløype i sentrum og et samarbeide med de fire barnehagene i Åmli samt skolen, som bidro til pynting av et «ønsketre».
- Arrangering av Snapchat oppgaveløp som en aktivitet for barn og ungdom i vinterferien 2021.
- Bidratt som samarbeidspartner med Åmli pensjonistlag ved arrangementet «Ut på middag».
- Frivilligcentralen har hatt driften av Bygdekino med filmvisning én gang i måneden, året igjennom. Dette som et samarbeide med Åmli kommune.

Videre har Frivilligcentralen bidratt med følgende tilbud: Matutkjøring til eldre i hele 2021. Følgetjenester til sjukehus. I perioder vært behjelpelege med kjørsel av eldre til og fra vaksinering på eldresenteret, og som et mere underholdnings - og koseelement har vi tilbudt vafler og musikk under vaksinering av de eldste innbyggerne igjennom januar og februar. Utdeling av påskekurv til særlige familier i samarbeide med skolelever i valgfaget «innsats for andre» og NAV. Gjennomføring av TV-aksjonen lokalt i Åmli i samarbeide med kommunen. Frivilligcentralen har også tatt imot en praktikant under utdannelse til bachelor i sosialt arbeid - et meget positivt samarbeide.

Utfordringer og muligheter fremover blir, å få flere frivillige med på laget. Etter en hverdag med få aktiviteter for folk flest, skal Frivilligcentralen arbeide for at stimulere til frivillig arbeide igjennom selv å skape mulige møteplasser for lokalbefolkningen på tvers.

ØKONOMI

Driftsbudsjett for habilitering og ressurs hadde ei ramme på totalt kr. 23 899 512

Totalt er det et mindreforbruk i 2021 på kr. 2.710 954,- Mindreforbruket skuldast mellom anna covid-19 pandemien og flytting av personell mellom avdelingane ved fråvær. Nokre av avdelingane har i periodar gått med redusert bemanning grunna noko høgt sjukefråvær og utfordringar med å knytte til seg rett kompetanse til å utføre dei ulike oppgåvene som skal driftast.

Helse og omsorg

ORGANISERING

Helse og omsorg består av legekontor, helsestasjon, ergoterapi, fysioterapi, langtidsavdeling, skjerma avdeling, natteteneste inne og ute. Tenesten Kjøkken, vaskeri og reinhald. Samt heimebaserte tenester som består av heimesjukepleie, heimehjelp og ambulerande vaktmeister.

2021 var også ett år preget av covid-19. enheten har leveret tjenestene som planlagt.

Enheden har hatt fokus på TISK arbeid og vaksinering. Vi har vaksinert 53 dager i 2021. Vaksinekoordinator har hatt ansvar for innkalling av innbyggere og organisering av personell. Vaksinekoordinator har brukt i perioder 60% av sin stilling til dette arbeidet. Der har vært 4 ansatte tilgjengelig ved vaksinering. Enheden har brukt opp mot 1600 timer til vaksinering i 2021. Samt timer til innkalling og time registrering. Åmli kommune hadde en vaksinedekning på 75% i 2021.



Vaksineteamet med kommuneoverlege Silke Eileen Boroske, logestikk ansvarlig Anja Mølmen og vaksinekoordinator Åse Bjørkholt.

Vår kommuneoverlege har i 2021 hatt mange kravende utfordringar og travle arbeidsdagar. Vi har hatt fokus på beredskap. Vi har fått føringar frå regieringen og FHI om korleis vi skal levere tenestane. Det har vært stor møtevirksomhet i igjennom hele året.

Digitalisering har hatt ein rask utvikling under pandemien, vi har lært oss å vere digitale i samarbeid internt i kommunen og ut mot verden.

Ein ting som var viktig i 2021 var at alle tilsette skulle få 3 veker med ferie på sommeren. Alle hadde strekt seg langt i pandemien og hadde behov for ein pause for å hente seg inn. Dette klarte vi å få til.

Helse og omsorg har heldigvis hatt ein stabil bemanning i perioden 2021, sjølv om vi har hatt høyt fravær. Erfaring viser at vi har utfordring med å få den kompetansen som til ei kvar tid er naudsynt for å drifta.

Det er kjøpt inn nye jakker til alle som arbeider ute i open omsorg med logo på.

HELSESTASJONEN

Helsestasjonen har gjennomført alle pålagte kontroller i aldersgruppa 0 -6 år. Åmli har stor vaksinasjonsdekning av de små.

Skulehelsetenen er styrka med 60% stilling med midlar frå Helsedirektoratet. Der er tiltak inn i alle klassetrinna. Tjenesten opplever et økt behov, og der blir gjennomført mellom 200 -300 individuelle samtaler i skolen. Utfordringer innen psykisk helse.

Jordmor har 33% stilling i kommunen, dette er et interkommunalt samarbeid med Vegårshei og Gjerstad. Vegårshei er vertskommune. I 2021 var der 22 fødsel. Jordmortjenesten har hatt samarbeid med kommune fysioterapeut. Dei har hatt tilbod om trening for gravid i basseng.

Helsestasjonen har tverrfaglig samarbeid med fysioterapeut, lege, kommunepsykolog, barnehage, skole, PPT, barnevern, LOS og psykisk helse.

Helsestasjon for ungdom har jordmor ansvar for sammen med lege. Her må ungdommene bestille time, og jordmor og lege tilpasser åpningstider etter behov.

LEGEKONTOR

Legekontoret har 3 fastleggar. Fra september 2021 ble det ansatt en lege i fast 60%. I løpet av 2021 har kommuneoverlegen vært frikjøpt til å jobbe med pandemien. Vi har hatt inne vikar i 2 perioder.



Fastlegane har eit tak på 750 pasientar på fastlegelistene ved kontoret.

Fokusområdet og målet for legekontoret har i 2021 vore å ha ei stabil drift under pandemien. Tenesten har vore levert, og det har vore tatt hensyn til

smittevern. Det ble etablert Luftsveisbrakk / Covid-19 testbrakke i 2020 som er videreført i 2021. Brakka har ført til at pasientar med luftveis symptomer har blitt undersøkt der.

FYSIOTERAPEUT

Fysioterapitesta har fokus på: God funksjons- og mestringsevne for menneske med muskel- og skjelettlidningar, nedsett funksjonsevne og funksjonshemmingar. Fysioterapi er eit fagfelt som er tverrfagleg orientert, spesielt innan habilitering og rehabilitering.



Kommunens fysioterapitesta er organisatorisk delt i to; Kommunalt tilsett fysioterapeut og privatpraktiserande fysioterapeut med driftsavtale.

Kommunefysioterapeuten gir tenester som omfattar førebyggjande tiltak og tenester til alle menneske med nedsett funksjonsevne som har behov for oppretning, tverrfagleg rehabilitering og tilrettelegging av sine omgjevnader. Ressursane er knytt til vurdering og behandling, helsefremmande og førebyggande arbeid, tenester frå helsestasjon, tilrettelegging av bustad og formidling av hjelpemiddel.

Oppfølging av rehabiliteringspasientar på ÅPOS har vore prioritert.

ERGOTERAPI

Oppgåvene til ergoterapeuten er å drive førebyggjande arbeid og tilretteleggi kvar dagen med bruk hjelpemiddel for pasientar med behov. Det tverrfaglige er blitt styrket med å få denne kompetansen i kommunen.

Ergoterapeuten jobber med velferdsteknologi sammen med ambulerende vaktmester og heimesjukepleia.

Det er også ergoterapeuten som reiser ut på hjemmebesøk for å kartlegge behovet for tjenester.

Ergoterapeuten er med på Forebyggende hjemmebesøk sammen med 3 damer frå heimesjukepleien.

FRISKLIVSSENTRAL

Dette er et samarbeid mellom fysioterapeut, ergoterapeaut og psykisk helse / rus. Det er også et samarbeid med frivillighetssentralen for eldre.

Dette er eit lågterskelt tilbod. Det er eit tilbod til innbyggjarar som ønskjer hjelp til livsstilendring. Det kan vere å bli meir aktiv, gå ned i vekt, hjelp til å slutte å

røyke eller å mestre livet med dei utfordringane som livet byr på.

Der er tilbod om samtaler, gå-gruppe, styrke trening og bassengtrening. Dei tilbyr blant anna ulike kurs som søvnkurs, tankeviruskurs og livsstils endring.

INSTITUSJON - ÅPOS

I 2021 var ombyggingen av ÅPOS ferdig. Vi har fått flotte tilrettelagte pasientrom. Siden vi nå har 6 pasientrom på langtidsavdelinga har vi tatt i bruk 3 rom på rehab.avdelingen.

Vi har også et rom som står klart om vi skulle få en covid-19 pasient inn på ÅPOS. Fram til årsskiftet har vi ikke hatt smitte hos pasientene våre.

Vi har tatt i mot utskrivningsklare pasienter fra SSHF til ei kvar tid.

I 2021 hadde vi 11 langtidsplasser inkludert korttids- og rehabiliteringsplassar og 6 skjerma plasser. Pr. 31.12.2021 var det 7 pasientar på langtids og 4 pasientar på skjerma. I løpet av 2021 har vi hatt fleire inne på rehabiliteringsopphold som er kome heim til eigen bustad att.

Mål for 2022: Å ha ledig rom til ei kvar tid ved institusjonen, samt å ta i mot utskrivningsklare pasientar frå sjukehuset til ei kvar tid.



Barnehagene i Åqli hadde tog foran ÅPOS for å markere 17.mai som ikke ble slik som vanlig pga pandemien.

SKJERMA AVDELING

Skjerma avdeling er ein tilrettelagt eining med 6 pasientrom.

Avdelinga har i 2021 arbeidd med:

- Tillitsskapande tiltak rundt den enkelte pasient og individuell omsorg

- Avdelinga har fokus på utvikling av demensarbeidet
- Fokus på aktivitetar

Gjennomføring av fagmøte i avdelinga har vore viktig for å få alle som arbeider saman til å finne fram til gode løysningar, og for å kunne evaluere tiltak ofte i ei krevjande avdeling. Det er viktig at alle tilsette har lik forståing og arbeider så likt som mogleg rundt den enkelte pasient.

LANGTIDSAVDELING

Langtidsavdelinga har 11 pasientrom, akuttrom, korttidsplassar.

Vi har i 2021 arbeidd med følgande fokusområde:

- Rehabilitering og korttidspasientar
- Gje god omsorg til døande pasientar og dei sine pårørande
- Auke sjukepleiefagleg kompetanse
- Kompetansetiltak med fokus på demens, lindrande omsorg og aktivitet i kvardagen

I 2022 vil fokus vere å ha rett bemanning til rett antal pasientar. Korttidspasientar som kjem rett frå sjukhuset er ofte dårlege og krev pleie og omsorg.

Det er ei utfordring å ha rett bemanning og rett kompetanse til ei kvar tid. 2021 har vore eit stabilt år når det gjeld sjukepleie dekning i tenesta.

KJØKKEN / VASKERI /REINHOLD



Kjøkken, vaskeri og reinhold er ei serviceeinining. Det at ÅPOS har eige kjøkken er positivt. Vi opplever at det er meir spesialkost hos pasientar både inne og ute. Eit tett samarbeid mellom avdelingane og kjøkkenet gjer at pasientar får den dietten dei treng.

Vi vil få ny kjøkkenleder i 2022, grunnen er at tidligere kjøkkenleder går av med pensjon.

Vaskeri og reinhold samarbeider tatt med avdelingane og leverer gode tenester.

Vaskeriet har fått ny tørketrommel og rulle i 2021.



HEIMESJUKEPLEIE

Heimesjukepleia er viktig for at personar med nedsett funksjonsevne og økt omsorgsbehov kan bu heime i eigen bustad. I tillegg er heimehjelp og ambulerande vaktmeister, tryggleksalarm og aktivitetstilbod til demente viktige tenester til heimbuande.

Heimesjukepleia leverer tenester til mange brukarar. Nokon pasientar har tilsyn fleire gonger pr vakt. Enkelte brukarar har besøk opp til fire gonger pr vakt på dag- og kveld. Nattvaktene har mellom 5 og 8 brukarar, i nokre periodar fleire, og oftare tilsyn.

Heimesjukepleia opplev at det blir fleire krevjande brukarar, og vi får fleire yngre brukarar i tenesta.

I 2021 har pandemien vert utfordrande, smittevern har stort vore fokus i levering av tenestene. Bruk av munnbind og handsprit er ein stor del av arbeidsdagen.

- Heimesjukepleia har førebyggjande/helsefremmende heimebesøk til dei over 78 år.
- Sikrar at overgangen mellom dei ulike tenestenivå blir gode er viktig. Vi har hatt fleire gode pasientforløp av kvardagsrehabilitering. En styrker tenesta med å ha fått inn ergoterapeut i teamet saman med fysioterapeut.
- Demensteamet i heimesjukepleia arbeider godt. Det er utviklet godt samarbeid med fastlegene.

I desember 2021 fikk heimesjukepleia sin første el-bil. Vi får 2 til i løpet av 2022. Det blir ein 2-hjulstrekk og 2 4x4 trekk.



HEIMHJELP – PRAKTIK BISTAND

Heimehjelp / praktisk bistand er en teneste for dei som bur heime og har store omsorgsbehov. Antal brukarar har dei siste åra vore stabilt. Det er 56 heimar som mottar tenesta ved utgangen av 2021. Tenesta opplev at vi får heimar som krev meir oppfølging.

2021 ble det kjøpt inn eige utsyr til dei som arbeider i tenesten. Nå har dei eigene filler og mopper med rundt i heimene, som blir vaska på vaskeriet etter bruk. Dette er eit HMS tiltak. Dei tilsette er svært fornøyd med tiltaket.

AMBULERANDE VAKTMESTER

Inn- og utelevering av hjelpemiddel. Vedlikehald av hjelpemiddel. Ansvar for kommunalt lager av hjelpemiddel.

Ambulerande oppgåver er til dømes: snømåking, strøing, plenklipping, klipping av hekkar. Hjelpe til å lage ramper for rullestolar. Bytte lysrøy og pærer. Hjelpe å bære inn og ut hagemøbler. Hjelp til å søke om tilretteleggingstilskot for brukar til om-bygging av bustad. Hjelpe med å installere trappeheis inne, heis ute, rampe ute. Gjennomfører heimebesøk saman med heimesjukepleia og ergoterapeut.

Kommunen har i 31.12.2021 utelege av 56 digitale tryggleiksalarmer. Vi har også tilbud om dørsensor.

Ambulerande vaktmeister har og ansvar for bilane til heimesjukepleia, m.a. å få bilane på service ved behov.

AKTIVITETSTILBOD TIL DEMENTE

Tilbodet er ope tysdag og fredag. Der er ein til fire brukarar. Det har vore ei utfordring å få brukarar som ikkje bur i sentrum til å takke ja til tilbodet.

I 2021 har vi hatt noe fravær i tenesta, og av den grunn har det vore redusert tilbod til 1 dag i uka i periodar.

Mål for 2022 er å vidareutvikle tilbodet spesielt retta mot menn.

SYN OG HØRSELSKONTAKT

Dette er Åmli kommune sin kontaktperson til innbyggjarar med nedsett syn/hørsel. Stillinga er på 10%, og arbeider andre kvar veke med syn og hørsel.

- Oppfølging og tilrettelegging for brukarar med ulike behov på syn/hørsel.
- Søker på hjelpemiddla for syn/hørsel, vidare opplæring og tilrettelegging for brukarane.
- Henviser til spesialisthelsetenesta.
- Arbeidar saman med audiograf frå sjukehuset fire gonger i året. Dette er eit tilbod til brukarar som av ulike årsaker har vanskeleg for å kome ned på Hørselsentralen.
- Informasjon/opplæring av medarbeidar på syn/hørsel.
- Kompetanseheving: Deltar på samlingar/kurs for kontaktar i Aust-Agder. I 2021 har dette vært på Teams.



ØKONOMI

Helse og omsorg kan vise til eit underskudd på kr. 1.900.000,-. Grunnen er auke i utgiftene totalt på 3.600.000,- , dette er spesielt ifht bruk av overtid pga fravær spesielt på natt og institusjon. Samt økt bemanning ifht vaksinering. Enheten har hatt økte inntekter på kr. 2.082.000,- mer enn budsjettet.

Det er blitt brukt sjukepleieressurser til vaksinering som har gått av ordinær drift. Det er ikkje blitt spesifisert antal timer i regnskapet. Der er brukt 53 dagar til vaksinering, og det utgjer 1600 timer. Kostnaden har vore dekka av helse og omsorg, og ikkje koda på covid-19 prosjektet. Det burde vore merka. Samt at vaksinekoordinator har brukt 60% av sin stilling i 6 mnd til arbeidet, elles 20% av si stillinga.

Det har vore eit krevjande år. Pandemien har vore krevjande for alle tenester ifht smittevern. Vi har forholda oss til veiledere og forskrifter. Dette har vore krevjande for pasientar, pårørande og tilsette.

Legekontor har hatt behov for å auke rammene pga at kommuneoverlegen har vore frikjøpt.

Helse og omsorg har hatt eit sjukefravær på 13,15% i 2021.

Næring og utvikling

JORDBRUK

47 føretak har eit produksjonsomfang som gjer at dei har rett på produksjonstilskot i jordbruket. 37 av desse har husdyrhald (inkl. bigardar), og 10 har reine planteproduksjonar. 44 daa er godkjend for nydyrkning. 3 gardsbruk fekk løyvd kommunalt **TILSKOT TIL NYDYRKING ETTER FASTSETT REGELVERK.**

